

NISSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2021

Innhald:

Årsberetning

1	Innleiing	s. 3
2	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 4
2.1	Organisasjonskart	s. 4
2.2	Politisk organisering	s. 5
2.3	Administrativ organisering	s. 5
2.4	Interkommunalt samarbeid	s. 5
3.	Investeringsrekneskapen	s. 7
4.	Driftsrekneskapen	s.12
5	Balansen	s.16
5.1	Gjeld.....	s.16
5.2	Arbeidskapital	s.17
5.3	Uteståande fordringar	s.17
5.4	Fond	s.17
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.18
7.	Likestilling	s.19
7.1	Kjønnsfordeling	s.19
7.2	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid	s.19
7.3	Lønsnivå	s.20
7.4	Stillingsbrøk	s.21
7.5	Vidareutdanning – kompetanseheving	s.21
7.6	Etnisitet og nedsett funksjonsevne	s.21
8.	Fråvær	s.22
9.	Etisk standard	s.22
10.	Årsverk og lønsnivå	s.22
11.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.23
12.	Aktivitetsnivået på utvalde område	s.24
Handlingsprogram – rapportering		
13.	Visjon (kapittelet er henta frå kommuneplanen)	s.25
14.	Hovudmål (jf. kommuneplanen)	s.27
15.	Handlingsdelen - Måloppnåing og gjennomføring av tiltak	s.29
15.1.	Sentral leing.....	s.29
15.2.	Stabsfunksjonar	s.31
15.2.1.	Fellestenesta	s.31
15.2.2.	Næring	s.32
15.2.3.	Interkommunalt plankontor for Nissedal og Kviteseid	s.34
15.2.4.	Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid	s.37
15.3.	Eining for oppvekst og kultur	s.40
15.3.1	Heile eininga	s.40
15.3.2.	Grunnskule og SFO.....	s.41
15.3.3.	Barnehage	s.46
15.3.4.	Kultur	s.49
15.3.5.	Flyktingteneste.....	s.50
15.3.6.	Vaksenopplæring	s.51
15.4.	Eining for velferd	s.55
15.4.1.	Heile eininga	s.55
15.4.2.	Institusjonsbaserte omsorgstenester	s.57
15.4.3.	Heimebaserte omsorgstenester	s.58
15.4.4.	Helsetenester	s.59
15.4.5.	Habilitering og aktivisering	s.60
15.5.	Eining for teknisk drift	s.64
15.5.1	Heile eininga	s.64
15.5.2.	Kommunale utleigebustader	s.65
15.5.3.	Kommunale bygg	s.65
15.5.4.	Kommunale grøntanlegg	s.67
15.5.5.	Samferdsel (vegar, planar og Fjoneferga)	s.67
15.5.7.	Vatn og kloakk	s.69

1. Innleiing

Opphavleg budsjett for 2021 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 5,6 mill. (2,91%) Dette var langt unna nasjonal målsetning om eit positivt netto driftsresultat på 1,75%. Ein vesentlig forklaring til at budsjettet for 2021 var lagt opp med eit så svakt netto driftsresultat var ein styrt reduksjon av sjølvkostfond innan VA. Det var budsjettert med eit underskot (bruk av fond) på 3,8 mill. innan VA. I tillegg var det budsjettert med bruk av felles buffer på 0,6 mill. Med andre ord var utgiftene høgare enn inntektene også på det ein kalle ordinær drift. Så sjølv om ein hadde berekna netto driftsresultat utan VA, ville ein hatt eit negativt resultat på omlag 0,9% i opphavleg budsjett. Rekneskapen for 2021 er gjort opp med netto driftsresultat på 7,6 mill. (3,47%). Avsetning til felles buffer blei 1,6 mill. Justert budsjett la opp til bruk av buffer på 1,1 mill. Sjølv om kommunerekneskapen totalt sett har eit mindreforbruk i høve til budsjett er det store variasjonar innafor dei ulike rammområda. Dette vert kommentert under kapitlet som omhandlar drifterekneskapen.

Nissedal har hadde i ein lengre periode fram til 2017, ein positiv auke i folketalet, med ein topp i innbyggartalet 30.06.17 med 1.495 innbyggjarar. Sidan har innbyggartalet gått nedover og pr. 31.12.21 var innbyggartalet 1.414. Dette utgjer ein nedgang på 1,12% i løpet av 2021. Nedgangen på 16 innbyggjarar i 2021 skuldast både netto utflytting frå kommunen (13) og fødselsunderskot (3).

Ny administrativ organisering blei sett i verk frå 01.08.20. Kommunen har får denne dato 3 einingar: Eining for oppvekst og kultur, eining for velferd og eining for teknisk drift. Arbeidet med å fullføre denne omorganiseringa blei vidareført/fullført i 2021. Det blei og mot slutten av 2021 vedteke ei justering av administrativ organisering ved at næring og plankontoret blei slått saman og frå 01.01.22 utgjer dette «Plan og næring».


Budsjettet for 2021 la opp til reduksjon av stillingar i oppvekst/kultur og velferd på til saman 3,3 stilling. I tillegg kom heilårsverknad av reduksjonar vedteke i budsjett 2020 på omlag 8 heile stillingar og heilårsverknad av nedlegging av Haugsjåsund barnehage.

2021 blei på same måte som dei føregåande åra eit år med høg aktivitet i høve til investeringsrekneskapen. Ulike VA-prosjekt står for hovudaktiviteten. VA-prosjekt utgjer 24,7 mill. av 55,6 mill. investert i varige driftsmidlar. Men det er og store investeringsprosjekt utafor VA-sektoren. T.d. ny brannstasjon og 5 nye omsorgsbustader som dei største enkeltprosjekta.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2021 blei det totale fråværet 7,79%. Dette var ein auke på 0,74 prosentpoeng i høve til 2020. Med tanke på at 2021 var eit heilt «korona-år» er vel denne veksten å sjå som akseptabel. Men ein ligg over nær 3 prosentpoeng over som tidlegare var sett som IA-mål i høve til sjukefråvær. Sjukefråværet i 2021 fordelte seg med 1,28% korttidsfråvær (u. 16dager) og 6,51% langtidsfråvær. Denne fordelinga kan tolkast som at «korona-fråvær» utgjer ein liten del av fråværet og at forklaringa på auke frå nivå i 2020 (7,05%) skuldast andre moment enn korona. Som i 2020 har og 2021 har vore prega av pandemi/covid-19. Kriseleiinga har hatt jamlege møter meir eller mindre gjennom heile året og kommunestyret har og hatt ekstraordinært møte i høve til handtering av pandemien. Kriseleiinga sin møtefrekvens har variert frå møte 1 gong i veka til 2-3 gonger i veka. Dette med unntak av ein kort periode i sommarferien, då det berre var møte etter behov. Pandemien har og i 2021 sett sitt preg i stor grad på nær sagt alle tenestestader, sjølv om det nok må seiast i noko mindre grad enn i 2020. Men også i 2021 er det barnehage, skule, omsorg, habilitering, legekontor og reinhald som har møtt dei største konsekvensane. Økonomisk har pandemien ikkje råka kommune så hardt. Dei økonomiske bidraga staten har kome med har grovt sett dekt opp for dei ekstra utgiftene kommunen har hatt. Så langt ein har oversikt er det ikkje så mykje som tyder på at lokalt næringsliv er blitt hardt økonomisk råka av pandemien. Dei midlane kommunen har fått knytt opp til stønad til lokalt næringsliv er fordelt ut.

2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

2.1 Organisasjonskart



2.2 Politisk organisering

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast direkte i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 8 møte og formannskapet hadde 11 møte i 2021.

2.3 Administrativ organisering

Nissedal kommune er organisert i 3 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 3 einingsleiarar, plansjef, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for oppvekst og kultur omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring, 4 kommunale barnehagar og ev. oppfylging av private barnehagar, musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet og flyktingar.

Eining for velferd omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp, tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, barnevern, dagsenter og psykiatri, kontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som løn, landbrukskontor, NAV og barnevern.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme.

2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting. både i form av egne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar.

Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggande brannvern i eige IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Vestfold, og Telemark kommunerevisjon IKS
- Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS
- IKA Kongsberg IKS
- Vest-Telemark PPT IKS.

Samarbeidsavtaler

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn/rekneskap for Kviteseid kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles NAV-kontor, med Tokke som vertskommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtaler med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehusstenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

3. Investeringsrekneskapet (jf. bevilgningsoversikt og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2021 prega av høg aktivitet, då særleg innan VA-sektoren.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar varige driftsmidlar med totalt 66,1 mill. Dette blei justert ned i løpet av året til 61,7 mill. Rekneskapen gav investeringar i anleggsmedel på 55,6 mill. Eit avvik på nær 18%. Det meste av avviket skuldast at progresjonen på fleire prosjekt blei mindre enn kva ein la til grunn ved vedtak av 2. tertial. Av totale investeringar i varige driftsmidlar var 24,7 mill. knyt til investeringar innan VA.

Bruk av lån i 2021 var 25,4 mill. Sett opp mot sum investeringsutgifter på 56,2 mill. gir dette at 45,2% av investeringane i 2021 var finansiert med lån. Dei andre finansieringsinntektene var mva-kompensasjon (5,5 mill.) og tilskot frå andre (24,8 mill. – 9 mill. staten, 10,3 mill. anleggsbidrag og 5,4 mill. refusjon andre kommunar)

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane i tillegg til ei justering i desember-møte i kommunestyret.

Status på investeringsprosjekta går fram av note 18 i rekneskapen, der det går fram eventuelle avvik i høve til prosjektkostnad og budsjett 2021.

I kommentarane blir fylgjande begrep nytta:

- Prosjektramme: Dette er total prosjektramme (inkl. mva. for prosjekt utafor ord. avgiftsområde) for gjennomføring av heile prosjektet, uavhengig av år. Eit prosjekt kan fordele seg over fleire budsjettår.
- Budsjett: Dette er den del av prosjektramma som er avsett dette budsjettåret. For prosjekt som blir gjennomført på 1 år vil prosjektramme og budsjett vere lik.

0126 Startlån

Ramme utlån kr 4.908.000. Ramme utlån nytta kr 2.827.000.

Det kom 6 søknader om Startlån i 2020. 3 fekk avslag/trakk søknad og 3 søknadar blei imøtekommen. 2 mill. var løyva, men ikkje utbetalt ved årsskifte. Dermed blei det eit mindreforbruk på utlån. Unytta låneramme (2,1 mill.) blir overført til 2022. Mottatte avdrag på utlån var 1,7 mill., der 1,4 mill. var eit ekstraordinært avdrag. Betalte avdrag på innlån var 0,5 mill.

0149 Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter.

Prosjektramme kr 765.000. Budsjett 2021 kr 765.000. Rekneskap 2021 kr 668.000
Prosjekt-/budsjetteramme tok høgde kjøp erstatning i samband med grunn til Fleirbrukshus og advokatutgifter i samband med dette (eigne og grunneigars). tileigning av fast eigedom. I tillegg er eigenkapitaltilskot på kr 431.000 førd på dette ansvaret. Dekking av meirforbruk frå 2020 (kr 360.000) er førd på dette ansvaret. Prosjektet er avslutta.

0591 Tur-/sykkelløype Åmli Treungen.

Prosjektramme kr 3.570.000. Budsjett 2021 kr 188.000. Rekneskap 2021 kr 149.000
Sykkelstien teke i bruk sommaren 2020. Det er i løpet av 2021 nokre mindre utbetringar og det vil og i 2022 bli gjort noko arbeid i høve til grusing som vil bli gjennomført i 2022.

0593 Omsorgsbustader - omsorgssenteret.

Prosjektramme kr 21.040.000. Budsjett 2021 kr 19.506.000. Rekneskap 2021 kr 19.444.000
Bustadane var ferdige i september. Det står att noko på uteområdet/sjøppelbod. Resterande del av prosjektramme (kr 221.000) vil bli nytta til dette. Ferdig i løpet av 1. halvår 2022.

0604 Anleggsbidragsavtale – Naurak, felt 1 ø.del kloakk.

Prosjektramme kr 955.000. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 kr 0. Resterande del av prosjektramme (kr 55.000) vil bli nytta i 2022.

0609 Prosjektering – hovudleidning Treungen-Kyrkjebygda.

Prosjektramme kr 1.547.000. Budsjett 2021 kr 77.000. Rekneskap 2021 kr 70.000. Midlar i 2021 er nytta til VA-leidningar i hyttefelt på Fjone og ombygging av kummar ved RV 41 ved NOS. Resterande del av prosjektramme (kr 147.000) vil bli nytta i 2022.

0616 Hovudleidningar – vatn kloakk Kyrkjebygdheia.

Prosjektramme kr 19.374.000. Budsjett 2021 kr 736.000. Rekneskap 2021 kr 742.000. Arbeidet i prosjektet avslutta hausten 2020, men sluttoppgjør frå entreprenør blei ikkje før godt uti 2021. Prosjektet avslutta med ei overskriding av prosjektramme på kr 422.000.

0625 Vass- og avløpsleidning Treungen-Kyrkjebygdheia.

Prosjektramme kr 25.000.000. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 kr 0. I 1. tertial blei avsett sum i budsjettet (kr 2.140.000) trekt ut. Prosjektet vil bli fullført i 2022 i påvente av periode med låg vasstand.

0631 FKB-kartlegging (Nissedal og Kviteseid).

Prosjektramme kr 1.003.000. Budsjett 2021 kr 175.000.000. Rekneskap 2021 kr 63.000. Dette prosjektet er fullført i 2021, men det blir ei avrekning/sluttoppgjør etter gjennomføring i 2022.

0633 Bakkebufjellet - Anleggsbidragsavtale.

Det er inngått anleggsbidragsavtale om innbetaling av 4,5 mill. fordelt over 8 år. Sum innbetalt i 2021 (kr 575.000) er avsett til fond.

0634 Kyrkjebygdheia – Opprusting av eks. anlegg .

Prosjektramme kr 9.300.000. Budsjett 2021 kr 885.000. Rekneskap 2021 kr 1.035.000. Meirforbruk i 2021 (pga. høgare progresjon enn planlagt) i høve til budsjett vil redusere budsjett i 2022. Resterande ramme (kr 340.000) vil bli overført til 2022. Utbetringane på avløp ble avslutta i 2021. Ombygging av pumpestasjonar på vann ble ikkje gjennomført i 2021, den delen blir gjennomført i 2022. Ein må ha ein gjennomgang av heile prosjektet før avslutning for å få ein god oversikt over kva som opprinneleg var tenkt gjennomført på bakgrunn av utarbeida rapportar og kva ein faktisk har gjort. Dette kan gje behov for ei politisk sak kring dei økonomiske rammene i dette prosjektet.

0640 Forprosjekt - ungdomsskulen.

Prosjektramme kr 312.000. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 kr 2.000. Det er i 2020/21 gjennomført ein del undersøkingar og kartleggingar i eksisterande bygg. Ein må nå kartlegg behov, og ut i frå dette sjå kva som må gjerast. Når ein har en oversikt over desse tinga kan ein hente inn konsulent/arkitekt for å få hjelp til å sjå på ulike alternativ for å utbetre Tveit skule. Dette er planlagt gjennomført i starten av 2022. Resterande løyving (kr 303.000) overførast til budsjettet for 2022.

0643 Agresso reisemodul/anleggsmodul/kommunenr./SAF-T.

Prosjektramme kr 638.000. Budsjett 2021 kr 51.000. Rekneskap 2021 kr 24.000. Delar av prosjektet er ferdig, men det står att delar av reisemodulen og innføring av anleggsmodul er ikkje byrja på. På bakgrunn av nye krav til sjukerefusjon kan det bli aktuelt å gjere omprioriteringar før ein fullfører dette prosjektet. Unytta ramme (kr 302.000) vert overført til 2022.

0644 Ombygging/Ny brannstasjon .

Prosjektramme kr 17.630.000. Budsjett 2021 kr 10.074.000. Rekneskap 2021 kr 6.043.000
Arbeidet har blitt forsinka på bakgrunn av det har tatt tid å få endeleg godkjenning for
prosjektet. Dette kom først mot slutten av 2021. Prosjektet er planlagt slutført til ferien 2022.
Unytta ramme (kr 7.281.000) overførast til 2022.

0648 Høgdebasseng (Tveit og) Framnes.

Prosjektramme kr 8.300.000. Budsjett 2021 kr 270.000. Rekneskap 2021 kr 234.000
Bassenget er nærast ferdig prosjektert. Men det må opp ei eiga sak til kommunestyre jf.
budsjettvedtak 2019 om kapasitet/plassering. Unytta ramme (kr 7.841.000) overførast til
2022.

0649 To nye pumpestasjonar avløp - Gautefall.

Prosjektet var sett opp med eit budsjett på kr 200.000 i 2021, men blei avslutta/fullført i 2020.
Budsjettsum blei derfor trekt ut i 1. tertial.

0650 Driftsovervaking - pumpestasjonar.

Prosjektramme kr 949.000. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 kr 0
Budsjettet blei i 2. tertial sett til 0. Alle større stasjonar har fått installert driftsovervaking, men
ein må gå gjennom å sjå om det er behov for overvaking av fleire parametarar i nokon av
stasjonane, samt oppgradering av felles overvakingssystem. Ingen aktivitet i 2021, unytta
ramme (kr 218.000) overførast til 2022.

0651 Driftsovervaking - pumpestasjonar.

Prosjektramme kr 400.000. Budsjett 2021 kr 400.000. Rekneskap 2021 kr 221.000
Det er i slutten av 2021 bytta ut to kummar i sentrum av Treungen, og lagt om
påkøplingspunktet til NOS slik at ein sikrar ein meir stabil vassforsyning til dette bygget. I
forbindelse med kartlegging av leidningsnett i sentrum ser ein at det er naudsynt å gjere
tiltak fleire plassar. Unytta løyving (kr 179.000) overførast til 2022.

0653 Utbyggingavtale - Øverlandsheia.

Prosjektramme kr 11.113.000. Budsjett 2021 kr 5.701.000. Rekneskap 2021 kr 3.296.000
Ein er godt i gang med trinn. 2 iht. utbyggingsavtalen. Prosjektet skulle stått ferdig i 2021,
men er noko forsinka grunna at entreprenør måtte omdisponere mannskap mot slutten av
2021. Prosjektet vil bli avslutta i midten av 2022. Unytta ramme (kr 2.406.000) overførast til
2022.

0654 Utbyggingsavtale - Kragerøåsen.

Prosjektramme kr 5.114.000. Budsjett 2021 kr 4.292.000. Rekneskap 2021 kr 4.275.000
Prosjektet er nærast ferdig. Unytta ramme (kr 17.000) vil bli overført til 2022. Prosjektet vil
truleg ha behov for ei tilleggsløyving i 2022 knyt til tank for flushing av avløpsleidningen, i
storleik kr 100.000,- . Prosjektet planleggast avslutta våren 2022

0660 Kommunehuset – nye el-tavler.

Prosjektramme kr 433.000. Budsjett 2021 433.000. Rekneskap 2021 433.000
Prosjektet er finansiert med «korona-midlar». Prosjektet er fullført i 2021.

0661 Straumforsyning – Tesla-ladestasjon.

Prosjektramme kr 375.000. Budsjett 2021 kr 375.000. Rekneskap 2021 kr 375.000
Prosjektet er dels finansiert (66%) med «korona-midlar». Prosjektet er fullført i 2021.

0663 Utlån til Landvik veglag.

Prosjektramme kr 400.000. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 0
Veglaget utsette gjennomføring til 2022.

0664 Leikeapparat Tveit skule.

Prosjektramme kr 218.000. Budsjett 2021 kr 218.000. Rekneskap 2021 kr 218.000
Prosjektet er gjennomført i 2021.

0665 Bilar heimesjukepleia.

Prosjektramme kr 872.000. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 kr 0
2 nye el-bilar er bestilt, men blir først levert våren 2022.

0666 Bil - VA.

Prosjektramme kr 625.000. Budsjett 2021 kr 625.000. Rekneskap 2021 kr 629.000
Bil kjøpt inn kr 4.000 over ramme/budsjett.

0668 Bil - Felles.

Prosjektramme kr 352.000. Budsjett 2021 kr 352.000. Rekneskap 2021 kr 352.000
El-bil kjøpt inn i samsvar med budsjett.

0670 Anleggsbidragsavtale – Utsjå hyttegrend – del 3.

Prosjektramme kr 40.000. Budsjett 2021 kr 40.000. Rekneskap 2021 kr 36.000
Det er nytta nokon ressursar på konsulent for gjennomgang av VA-løysingar.
Usikkert om prosjektet skal vidareførast i 2022 eller kan avsluttast.

0671 Kjøp av næringsareal - Langmoen.

Prosjektramme kr 2.275.000. Budsjett 2021 kr 2.275.000. Rekneskap 2021 kr 2.380.000
Prosjektet er avslutta i 2021 med ei overskriding i høve til budsjett/prosjektramme på
kr 105.000. Overskridinga skuldast at takst blei noko høgare enn lagt til grunn då vedtak blei
gjort og at omkostningar ikkje fullt ut var teke omsyn til.

0672 Prosjektering – kjøkken og vaskeri på NOS .

Prosjektramme kr 125.000. Budsjett 2021 kr 38.000. Rekneskap 2021 kr 35.000
Prosjekteringa er byrja på, men blir vidareført i 2022. Unytta ramme (kr 90.000) overført til
2022.

0674 Anleggsbidragsavtale – Felehovet nord, felt A.

Prosjektramme kr 2.200.000. Budsjett 2021 kr 2.200.000. Rekneskap 2021 kr 2.220.000
Prosjektet er fullført/avslutta i 2021. Overskriding på kr 20.000 i høve til ramme blir dekt av
tilsvarande auke i refusjon frå utbygger.

0675 Takheisar på 4 pasientrom på NOS.

Prosjektramme kr 200.000. Budsjett 2021 kr 200.000. Rekneskap 2021 kr 0
Levering av heisane blei forseinka. Unytta ramme (kr 200.000) blir overført til 2022.

0684 Anleggsbidragsavtale Felehovet nord, felt E.

Prosjektramme kr 0. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 kr 1.500.000
Det er etter gitt fullmakt inngått anleggsbidragsavtale for dette feltet. Avviket i høve til
budsjett skuldast at avtalen er ikkje innarbeidd i budsjettet. Utbygger har refundert heile
beløpet jf. avtale.

0685 Slutføring – anleggsbidragsavtale – Støylsheia nord.

Prosjektramme kr 0. Budsjett 2021 kr 0. Rekneskap 2021 kr 250.000
Dette er slutføring av ein anleggsbidragsavtale der hovuddelen av arbeidet blei gjort for ei tid
tilbake, men der siste del av avtalen har dryga litt den blei gjennomført. Det blei klart heilt
mot slutten av året at denne avtale ville bli slutført, og av den grunn var ikkje budsjettet
oppdatert i høve til denne avtalen.

VA-Gautefallheia:

0535 VA-Gautefallheia-Trinn 4 – Drangedal avløp.

Prosjektramme kr 10.050.000. Budsjett 2021 kr 8.875.000. Rekneskap 2021 kr 7.814.000
Prosjektet gjeld omlegging av leidningsnett frå Gautefall hotell og ned til Gautefall RA.
Sluttdato for prosjektet var opphavleg satt til slutten av 2021, men har blitt noe forsinka
grunna korona-situasjonen både i forhold til sjukdom og forseinka leveringer. Snø gjorde og
til at ein ikkje får gjort finpussing før våren 2022. Unyttta ramme (kr 1.922.000) vert overført til
2022.

0652 Forprosjekt nytt reinseanlegg.

Prosjektramme kr 1.256.000. Budsjett 2021 kr 506.000. Rekneskap 2021 kr 506.000
Sak om plassering av nytt reinseanlegg var oppe i kommunestyre både i Nissedal og
Drangedal i 2021. Det ble vedtatt eit likelydande vedtak om at nytt reinseanlegg skal ligge på
Langemoen. Ein har jobba med utslippsløyving knytt til nytt anlegg, samtidig som ein parallelt
jobba med prosjektering av leidningstrase og prosjekteringa av sjølvre reinseanlegget. Det er
oppretta separate prosjekt på leidningsanlegget og reinseanlegget. Forprosjektet er avslutta i
2021 og vidare detaljprosjektering vil gjennomførast på dei nye prosjekta. Prosjektet er
avslutta kr 70.000 under ramme.

0657 Høgdebasseng Tveit (Treungen).

Prosjektramme kr 12.000.000. Budsjett 2021 kr 270.000. Rekneskap 2021 kr 228.000
Bassenget er nærast ferdig prosjektert. Men det må opp ei eiga sak til kommunestyre jf.
budsjettvedtak 2019 om kapasitet/plassering. Unyttta ramme (kr 11.544.000) overførast til
2022.

0676 Prosjektering – Langmoen renseanlegg.

Prosjektramme kr 1.600.000. Budsjett 2021 kr 900.000. Rekneskap 2021 kr 918.000
Det har hatt høg prioritet å holde ønska framdriftsplan. Det er gjort val av prosessar,
byggningsmessig utforming ol. Unyttta ramme (kr 682.000) blir overført til 2022.

0677 Prosjektering – vatn og avløpsleidningar Treungen - Langmoen.

Prosjektramme kr 900.000. Budsjett 2021 kr 450.000. Rekneskap 2021 kr 382.000
Ledningstrase frå Haukerhyll til Langemoen er teikna ferdig, og ein jobbar med
grunneigaravtaler. Tilbudsgrunnlaget vil bli lagt ut i løpet av våren 2022.
Dette vil vere eit svært høgt prioritert prosjekt også i 2022. Unyttta ramme (kr 518.000)
overførast til 2022

Oppsummert:

Investeringsrekneskapen for 2021 er gjort opp i balanse. Sum investeringsutgifter er 56,2
mill. mot budsjettet 62,2 mill. Avviket på 6 mill. er i all hovudsak årsaka av redusert
progresjon på fleire prosjekt, slik det er omtala over. Dette har m.a. ført til at bruk av lån er
3,9 mill. under budsjett. Overføring frå drift på kr 1.457.000 er nytta til dekning av EK-innskott
KLP for 2020 og 2021 (kr 790.000), kr 100.000 motteke i tilskott til utestoge på NOS,
kr 221.000 av motteke korona-midlar disponert til etablering av Tesla-ladestasjon og
kr 346.000 av motteke koronamidlar til nye el-tavler på kommunehuset.

4. Driftsrekneskapen

(jf. øk. oversikt, bevilgningsoversikt netto ramme pr. rammeområde og note 17)

Økonomisk oversikt drift

Oversikten syner at sum driftsinntekter blei 5 mill. over budsjett og har auka med 18,6 mill. samanlikna med rekneskap 2020.

Inntekts- og formueskatt blei 2,8 mill. høgare enn budsjett. Gjennom 2021 hadde kommunen ein skattevekst under landsnittet. Men mot slutten av året blei inngangen mykje høgare enn kva budsjettet la til grunn. Berre i desember var skatteinngangen 2 mill. Tidlegare år har skatteinngangen i desember vore svært beskjeden. På bakgrunn av auke i skatteinngangen etter siste budsjettjustering, blei det eit avvik i høve til budsjett. Samanlikna med 2020 var veksten i skatteinntekter 4,9 mill. Veksten på landsbasis var 16%. I Nissedal blei veksten i skatteinntekter i underkant av 14%.

Eigedomskatt blei jf. budsjett i 2021 (14,5 mill.), men hadde ein vekst i høve til 2020 på 1 mill. Denne veksten var årsaka av auke i skattegrunnlaget på kraftverk.

Overføringar og tilskot frå andre blei 2,5 mill. over budsjett og hadde ein vekst i høve til 2020 på 6,2 mill. Avviket i høve til budsjett 2021 er årsaka av at konsesjonskraftinntekter blei 1,8 mill. over budsjett og refusjon sjukepengar blei 1,6 mill. over budsjett. Siste justering av konsesjonskraftinntektene kom i etterkant av vedtak 2. tertial og dermed blei det eit avvik på budsjett på denne posten. I tillegg er det heller ikkje fullt ut gjort administrative budsjettreguleringar siste kvartal for å ta høgde for sjukepengar. Når det gjeld veksten i inntekter frå 2020-rekneskapen kan ein peike på vekst i konsesjonskraftinntekter (5 mill.), tilskot til breibandutbygging (2,5 mill.) og auke i sjukepengar (1 mill.).

Sals- og leigeinntekter blei 0,8 mill. høgare enn budsjett og 7,4 mill. høgare enn rekneskap 2020. Det største enkeltmomentet her er auke i kommunale VA-avgifter, der tilkoplingsavgifter utgjør ein vesentleg del av auken. Tilkoplingsavgifter VA auka med 2,3 mill. frå 2020 til 2021. Dette gir eit bilete av at talet på abonnentar har auka. Auke i abonnentar gir og auke i gebyrinntektene. I tillegg kjem at VA-gebyr blei vedteke auka med mellom 10-20% frå 2020 til 2021.

Sum driftsutgifter blei 3,7 mill. under budsjett. Veksten i driftsutgifter frå 2020 var på 4,8 mill. Med andre ord auka driftsinntektene med 14,6 mill. meir enn driftsutgiftene.

Lønsutgiftene (inkl. sos.utg.) auka med 1,4 mill. frå 2020 til 2021. Dette utgjør omlag 1%. Lønsveksten frå 2020 til 2021 er berekna til 2,8%. Ein ser med andre ord her effekten av reduksjon av stillingar som er gjort (nedbemanning, flyktingteneste, Haugsjåsund barnehage).

Overføringar tilskot til andre er 5,2 mill. under budsjett. 3 mill. av dette skuldast det ein kan kalle rekneskapstekniske moment i høve til oppgjør med Kviteseid i høve til plankontoret. I tillegg kjem at økonomisk sosialhjelp (kr 1.560.000) utbetalt av felles NAV-kontor var sett opp som overføring og tilskot til andre. I samband med rekneskapsavslutninga blei det avklart at dette skulle førast som kjøp av varer og tenester. Budsjettet blei ikkje korrigert for dette.

Finansutgifter blei kr 380.000 over budsjett. Dette skuldast at renteutgifter blei kr 242.000 meir enn budsjettet. Dette på bakgrunn av at endring av lånerente haust 2021 ikkje fullt ut blei teke høgde for i budsjettet. Vidare blei renteinntekter kr 138.000 under budsjett. Dette er knytt til både renteinntekter på bankinnskott og renteinntekter Startlån blei under budsjett.

Avsetnad/bruk av bundne fond har ei avvik i høve til budsjett på 5,1 mill. Dei største momenta her er at bruk av sjølvkostfond VA er 2,4 mill. under budsjett (dels pga. høgare tilkoplingsavgifter enn budsjettert), mottekne covid-midlar ikkje utbetalt ved årsskifte og dermed mindre bruk av fond og avsetning av nye covid-midlar rett før årsskifte (1 mill. i sum), avsetning til sjølvkostfond utover budsjett plankontor 0,8 mill., høgare avsetning til kraftfond enn budsjettert 0,2 mill.

Netto driftsresultat i 2021 var 3,47%. Dette i motsetning til 2020 då det var eit negativt netto driftsresultat på 3%.

Budsjettet la opp til bruk av disposisjonsfond 1,1 mill. I rekneskapen blir det i staden avsett 1,6 mill. til disposisjonsfond.

Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde

Totalt syner rekneskapen kr 123.405.000 i sum nettoramme for alle rammeområde (eksl. fondsbruk/-avsetning). Dette mot justert budsjett på kr 128.188.000. Dette vil seie eit mindreforbruk i høve til netto driftsutgifter på kr 4.783.000 (3,7%). Det er store variasjonar rammeområda i mellom, teknisk har eit meirforbruk på 13,2%, velferd eit meirforbruk på 4,9%, oppvekst og kultur eit mindreforbruk på 3,4% og felles eit mindreforbruk på 15,8%. Bakgrunn/moment for avvik innafor dei ulike rammeområda kjem fram under.

Rammene pr. rammeområde

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjetttramme og budsjettavvik (over kr 100.000) vert teke med i oppsettet under. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivningar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje teke med. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Dei ulike momenta vert berre omtala i stikkord i oppsette under. For meir utfyllande kommentarar, sjå kommentar til rekneskapen under kvart rammeområde sin rapport.

(I oppsettet under er auke av budsjetttramme markert med + og reduksjon av ramme med -. Meir-/mindreforbruk tek omsyn til bruk/avsetning fond).

Felles

Dei viktigaste tiltaka i budsjettvedtaket var:

- Gjennomføring av Stortingsval +kr 120.000
- ADMU-sak 6/18 avslutta –kr 200.000
- Konesjonskraftinntekter redusert +kr 2.256.000
- Reduserte utgifter barnevern –kr 260.000
- 50% personalressurs – ny adm. organisering +kr 315.000
- Ny løysing økonomisystem +kr 100.000
- Avsette covid-a9 midlar +kr 977.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke av konsesjonskraftinntektene -kr 2.900.000
- Covid-19 midlar fordelt ut –kr 705.000
- Vakanse lærlingar –kr 110.000
- Reduserte utgifter NAV –kr 220.000
- Styrking av lønspott heile kommunen +kr 600.000

Felles har eit mindreforbruk på kr 2.262.000 (avvik 12,7%). Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Konesjonskraftinntekter meirinntekter på kr 1.811.000
- Mindreforbruk NAV (tiltak og drift) kr 596.000
- Meirforbruk lønspott heile kommunen kr 175.000
- Avsetning kraft/næringsfond over budsjett kr 192.000

Eining for oppvekst og kultur

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Reduksjon av 200% stilling frå 01.08.20 –kr 660.000
- Reduksjon av 200% stilling frå 01.08.21 –kr 490.000
- Reduksjon ved heilårseffekt nedlegging Haugsjåsund bhg. –kr 2.050.000
- Avvikling av integreringsressursar –kr 4.250.000
- Styrking bemanning barnehage +kr 699.000
- Spesialpedagogiske tiltak +kr 1.413.000
- Auke skyssutgifter skule kr 100.000
- Auka utgifter vaksenopplæring tilbod etter vidaregåande +kr 100.000
- Auka kostnad PPT +kr 100.000
- Reduksjon av opphaldsbetaling SFO Kyrkjebygda/Tveit +kr 150.000
- Auke lisensar IKT skule +kr 100.000
- Auke kostnad gjestelevar andre kommunar +kr 130.000
- Sjølvkostprinsipp mat i barnehagen –kr 110.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Spesialpedagogiske tiltak +kr 254.000
- Auka kostnad PPT +kr 205.000
- Introduksjonsløn auka kostnad +kr 106.000

Eining for oppvekst og kultur har eit mindreforbruk på kr 1.670.000 (avvik 3,3%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk på løn spreidd over heile eininga kr 700.000
- Mindreforbruk kurs, undervisningsmaterieill, inv./utstyr m.m. kr 900.000

Eining for velferd

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Reduksjon av 180% stilling 01.07.20 heilår -kr 475.000
- Reduksjon av 100% stilling 01.07.21 –kr 250.000
- Ny adm. organisering, endring leiarressurs (netto) –kr 395.000
- Tilskot ressurskrevjande brukarar redusert +kr 1.000.000
- Kostnad BPA redusert –kr 500.000
- Prosjektstilling (4 mnd.) velferdsteknologi +kr 188.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Meirutgifter smittevern-utstyr +kr 100.000
- Meirutgifter reinhald +kr 100.000
- Reduksjon inntekter NOS, ikkje sal av plasser +kr 250.000
- Tilskot ressurskrevjande brukarar redusert +kr 250.000
- Ny brukar habilitering +kr 235.000
- Kostnad permisjon lege +kr 215.000
- Meirutgifter overtid/ekstrahjelp/vikarbyrå +kr 1.080.000
- Inntektssvikt legekantor +kr 170.000

Eining for velferd har eit meirforbruk på kr 2.681.000 (avvik 4,9%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreinntekter tilskot ressurskrevjande brukarar kr 1.645.000
- Meirutgifter BPA-ordning kr 174.000
- Meirforbruk løn Kåsa (fastløn, vikar, overtid) kr 794.000
- Meirforbruk løn heimesjukepleie (vikar, ekstrahjelp, overtid) kr 233.000

Eining for teknisk drift

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Red. FDV-utgifter Haugsjåsund bhg. lagt ned (heilår) -kr 150.000
- Leigeinntekter 5 nye omsorgsbustader (3 mnd.) -kr 105.000
- Lagt til grunn same nivå på straum som 2020 -kr 700.000
- Oppnå sjølvkost på feiing -kr 260.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke i straumutgifter +kr 525.000
- Reduksjon av inntekter komm. bustader +kr 250.000
- Ekstra vedlikehald ventilasjon/el-tilsyn, utstyr, veg +kr 646.000
- Beredskapsarbeid / ekstra reinhald +kr 220.000

Eining for teknisk drift har eit meirforbruk på kr 1.689.000 (avvik 13,6%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirutgifter straum kr 728.000
- Mindreinntekter leige kommunale bustader kr 148.000
- Meirutgifter nye avtaler brøyting kr 177.000
- Meirutgifter vedlikehald bygg/anlegg kr 473.000
- Støtte Treungfestival – særskilt brannobjekt kr 100.000
- Meirutgifter løn brannutrykking kr 85.000

Sjølvkost Vatn og Kloakk

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Ramme auka på bakgrunn av endring rentenivå og avskrivingsgrunnlag kr 626.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ramme redusert ved berekning av adm. kostnader -kr 300.000

Sjølvkostområdet VA har eit mindreforbruk på kr 385.000 (avvik 4,4%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Endra føresetnader renter/avskrivningar i høve til budsjett

Interkommunalt plankontor

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Ingen endringar

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Auke ramme pga. avsetning til sjølvkost kr 159.000

Plankontoret har eit meirforbruk på kr 326.000 (avvik 68,6%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Avsetning til sjølvkostfond utover budsjett/feil i opphavleg budsjett

Næring/reiseliv

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var :

- Ingen endringar

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Kun mindre endringar

Næring/reiseliv har eit mindreforbruk på kr 18.000 (avvik 1,4%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Ulike mindre avvik på driftspostar/løn.

Måltall

I budsjettet for 2021 var det sett opp måltall slik:

- Netto driftsresultat skal vere betre enn 1,75%.
Dette måltallet er oppnådd då netto driftsresultat i rekneskapen 2021 er 3,8%.
- Disposisjonsfond skal utgjere 5% av generelle driftsinntekter.
Generelle driftsinntekter var kr 142.787.000 og disposisjonsfond var kr 5.906.193. Dette utgjør 4,1%. Dette måltallet er dermed ikkje oppnådd.
- Langsiktig gjeld skal ikkje overstige 250% av generelle driftsinntekter.
Generelle driftsinntekter var kr 142.787.000 og langsiktig gjeld (eksl. pensjonsforpliktingar) var kr 258.741.000. Langsiktig gjeld utgjør 181,2% i høve til generelle driftsinntekter. Dette måltallet er oppnådd.
- 100% inndecking på sjølvkostområde.
Måltallet tek omsyn til bruk av sjølvkostfond. Sjølvkostområde som ikkje har full inndecking og fond til å dekke inn underskot med er: feiing (akk. underskot kr 304.884) og slam (akk. underskot kr 16.404). Sjå note 13. Måltall ikkje oppnådd.

5. Balansen

5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var pr. 31.12.21, 42,5 mill. Dette er ein auke på 4,8 mill. frå 2020. Langsiktig gjeld (lån) var ved pr. 31.12.21, 258,7 mill. ein nedgang på 0,9 mill. sidan 2020.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2017	2018	2019	2020	2021
Husbanken	7 185	11 976	11 497	11 018	13 539
Sparebanken Sør	2 694	1 994	1 294	1 294	1 294
Kommunalbanken	137 432	131 222	194 311	186 991	186 967
KLP Kommunekreditt	7 875	15 888	14 846	13 804	12 761
KLP	11 252	10 252	9 252	46 452	44 179
Totalt:	166 438	171 332	231 200	259 559	258 740

Auken i lånegjeld siste 5 år (92 mill.) er i stor grad knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100% dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra vore hovudbank på innlån for kommunen. Ubruka lånemidlar er redusert frå 23,4 mill. pr. 31.12.20 til 6,7 mill. 31.12.21. Fleire prosjekt i 2020 blei forseinka, men lånet var tatt opp i 1. halvår. Dette blei teke omsyn til når låneopptak for 2021 skulle gjerast. Dette er forklaringa på at sum lånegjeld gor ned frå 2020 til 2021, sjølv om aktiviteten i investeringsrekneskapen har vore høg.

5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2017	2018	2019	2020	2021
Arbeidskapital	56 521	50 597	54 426	55 071	45 659

Arbeidskapitalen har i 2021 blitt redusert med kr 9.412.000. Dette heng saman med nedgang omløpsmedel på 4,6 mill., samstundes som kortsiktig gjeld og er auka med 4,8 mill. Reduksjon i omløpsmedel kan i hovudsak forklarast med nedgang i bankinnskott knyt til reduksjon av unytta lånemidlar. Auke i kortsiktig gjeld er i hovudsak auke i premieavvik.

5.3 Utestående fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringsystemet)

Alle tal i 1000	2017	2018	2019	2020	2021
Sum restanse	772	909	2 164	2 531	2 641
Eldre enn 6 mnd	30	14	158	391	316

Det er framleis mange nedbetalingsavtaler på tilkoplingsavgifter på bakgrunn av mange hyttefelt som er kome til VA-nettet siste par åra. Dette er dels med på å forklare auke i restansar siste 2-3 år. Forfall på 4. termin kommunale avgifter mot slutten av desember gjer og til å halde talet på totale restansar oppe. Hausten 2021 blei det gjort ein god innsats på gjennomgang av restansar, noko ein m.a. ser ved at eldre restansar går ned. Det er i 2021 ikkje avskrivi beløp på kommunale krav.

5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øyremerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øyremerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar til føremål bestemt av politikarane og bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra. (Alle tal i tusen)

	2017	2018	2019	2020	2021
Bundne driftsfond	28 057	26 825	26 748	25 623	30 179
Ubundne investeringsfond	262	262	0	0	0
Bundne investeringsfond	2 050	512	1 534	2 137	2 862
Disposisjonsfond	10 274	10 386	5 479	4 296	5 906
SUM	40 643	37 985	33 761	32 056	38 947

Tabellen syner at samla fondsbeholdning siste år er auka med 6,9 mill. Auken siste år er i hovudsak knyt bundne driftsfond (4,6 mill.) og disposisjonsfond (felles buffer, 1,6 mill.) . I perioden 2019-2020 er felles buffer blitt «tæra» på. Men 2021 har ein klart å snu denne trenden. Ein bør ha som mål å bygge opp felles buffer ytterligare jf. vedteke måltal.

6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp 2 nye lån i 2021 på 10,3 mill. Dette lånet blei teke opp i KLP-banken etter ordinær anbudsrunde. Låneopptaket var knyt til vedtekne investeringar og vidareutlån (Startlån). I tillegg slå ein saman/refinansierte 5 tidlegare lån i Kommunalbanken i samband med nytt låneopptak i 2021.

Rapportering for passiva:

	31.12.2021		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	258,7 mill.	1,04%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	258,7 mill.		
Effektiv rente (vekta gj.sn.)		1,04%	
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)		(ikkje aktuelt)	
Tal på enkeltlån		10	
Største enkeltlån		122,3 mill.	

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2021		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	41,8	0,65%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsiktig likv.	0		
Avkastning 2021	0,3		
Stadfesting av enkelteksporing ≤ 2% av forvaltningskapital		ikkje aktuelt	
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.		ikkje aktuelt	
Største tidsinnskot		ikkje aktuelt	
Største enkeltpapirplassering		ikkje aktuelt	

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert i hovudsak teke opp med ei nedbetalingstid på 30 år. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansreglement opp til ei sær s låg risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2021 og kommunen har derfor fortsatt ei låg risikoeksponering. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

7. Likestilling

7.1 Kjønnfordeling

Kjønnfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining)	2019		2020		2021		
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Ny org. Aug.2020	Kvinner	Menn
Ordfører/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, Rådmann, plansjef, inngår og i tala under)	45,46%	54,54%	25%	75%		25%	75%
Felles/rådmann/ordfører/tillitsvalte	57,15%	42,85%	62,5%	37,5%	Felles	53,8%	46,2%
Eining for skule	77,77%	22,23%	70,8%	29,2%	Oppvekst/kul.	77,1%	22,9%
Eining for barnehage	97,87%	2,13%	94,3%	5,7%			
Eining for kultur	38,46%	61,54%	33,3%	66,7%			
Eining for helse og habilitering	87,3%	12,7%	83,6%	16,4%	Velferd	88,3%	11,7%
Eining for omsorg	94,59%	5,41%	93,9%	6,1%			
Eining for teknisk drift	26,47%	73,53%	31,3%	68,8%	Teknisk	33,3%	66,7%
Plankontor	40%	60%	40%	60%	Plan	33,3%	66,7%
Totalt heile kommunen	77,97%	22,03%	73,9%	26,1%	Totalt	73,2%	26,8%

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjør fleirtalet og det er liten utvikling frå 2020 til 2021. Det er klar overvekt av menn i øvste leiinga av kommunen. Ein ser at nokon einingar skil seg ut med å ha ein særskild kjønnfordeling som velferd og oppvekst/kultur. Kommunen kan bli betre til å oppmunde menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal.

7.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2019		2020		2021	
	Overtid	Ubkv. arb.tid	Overtid	Ubkv. arb.tid	Overtid	Ubkv. arb.tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	75	666	5	896	419	889
Eining for oppvekst og kultur	287	3.660	257	1.848	326	2.831
Eining for velferd	3.502	55.662	3.027	53.765	3.492	54.234
Eining for teknisk drift	1.155	0	922	0	995	0
Plankontor	0	0	0	0	0	0
Totalt heile kommunen	5.019	59.988	4.211	56.509	5.232	57.954

Tabellen syner tal på timar det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timar det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein auke både i bruk av overtid og godtgjersle ubekvem arbeidstid. Alle einingar har ein auke i bruk av overtid. Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. Her er sterk overvekt av kvinnelege tilsette og dermed er det og ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

7.3 Lønsvivå

Lønsvivå – Kjønn	2019		2020		Ny org.	2021	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn		01.08.2020	Kvinner
Felles/rådm./till.v./ordf.	463.963	709.700	504.770	711.950	Felles m.m.	521.771	729.467
Eining for skule	509.069	556.208	520.603	530.879	Oppvekst/kul.	514.200	541.391
Eining for barnehage	440.937	320.900	463.330	315.350			
Eining for kultur	506.600	436.400	530.600	478.150			
Eining for helse/hab.	454.975	500.938	466.224	494.433	Velferd	474.264	508.658
Eining for omsorg	436.647	517.500	436.841	558.367			
Eining for teknisk drift	445.533	497.044	445.670	488.418	Teknisk	499.250	507.163
Plankontor	602.000	629.667	603.800	638.567	Plankontor	616.000	635.250
Tot. heile kommunen	460.521	524.439	474.140	522.915		495.253	545.650

(Snittløn vert rekna uavhengig av stillingsstorleik).

Tala er berekna utifrå årsløn pr. 31.12. i 100% stilling. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget.

Snittløn for heile kommunen (menn og kvinner samla) er kr 508.745. Dette er omlag kr 22.000 høgare enn i 2020, som utgjer ein vekst på 4,5%. Som ein ser ligg gjennomsnittsløna for menn over kvinner, totalt for heile kommunen. I 2021 er gjennomsnittleg løn for kvinner på 91% samanlikna med snittløn menn. Dette var omlag same situasjon som i 2020.

I 5 av 5 område er snittløn til menn høgare enn snittløn til kvinner. Lønsvivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. T.d. er kvinner betydeleg overrepresentert blant ufaglærte og assistentar.

7.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2019		2020		Ny org. 01.08.20	2021	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn		Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	83,8%	89,3%	77,5%	89,3%	Felles m.m	94,3%	89,3%
Eining for skule	77,7%	83,9%	82,4%	90,6%	Oppvekst/kul.	72%	79,2%
Eining for barnehage	77,7%	85%	79,4%	72,5%			
Eining for kultur	58,3%	27,3%	67,6%	50,5%			
Eining for helse og habillitering	63,6%	58,8%	62,7%	54,1%	Velferd	67,7%	65,6%
Eining for omsorg	51,7%	81,8%	67,6%	85%			
Eining for teknisk drift	88,9%	33,7%	83%	37,4%	Teknisk	77,6%	34,3%
Plankontor	100%	100%	100%	100%	Plan	100%	100%
Tot. heile kommunen	67,1%	56,5%	72,9%	63,3%		71,4%	63%

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er 69,2% mot 70,4% i 2020.

Ein ser at både kvinner og menn har redusert sin stillingsandel i 2021. Utslaga er ikkje store, men ein kan ikkje seie at ein har lykkas i å nærme seg målet om å gå frå deltid til heiltid. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Ein viktig faktor her er deltidsbrannvesenet, som har 17 menn og 1 kvinne tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette er gjennomsnittleg stillings-% for menn, 82%, som er ca. 10 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for kvinner.

Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje fullt ut teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men det er viktig å få fram at mykje av deltid i kommunen frivillig.

7.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

I budsjettet for 2021 var det avsett felles opplæringspott på kr 300.000. Denne potten blei fordelt av AMU i sak 1/21 slik:

Eining for oppvekst og kultur – vidareutdanning lærarar kr 187.500

Eining for velferd – Cos-P kurs kr 46.000

Eining for teknisk – utdanning brannmannskap kr 66.500

I tillegg til pott fordelt av AMU blir det og innan ordinære driftsmidlar avsett midlar til kompetanseheving/fagelg oppdatering. Totalt blei det brukt kr 434.000 til opplæring/kurs/møteutgifter totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet kr 904.000. Mykje av dette avviket/mindreforbruket kan relaterast til tiltak kring pandemi som har gjort det problematisk/dels umogleg å gjennomføre opplæringstiltak.

7.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av kvotering eller andre vedtekne rekrutteringsstrategiar.

8. Fråvær

Sjukefråvær:	2017	2018	2019	2020	2021
Felles/rådm./till.v./ordf.	6,29%	4,82%	3,54%	8,42%	13,73%
Eining for skule	7,84%	4,85%	3,4%	7,02%	5,89%
Eining for barnehage	8,31%	5,2%	11,29%	9,24%	14,08%
Eining for kultur	1,2%	1,11%	4,14%	4,52%	3,87%
Eining for helse og hab.	4,29%	1,66%	5,91%	2,14%	2,39%
Eining for omsorg	9,71%	7,87%	5,74%	10,25%	8,22%
Eining for teknisk drift	4,35%	8,22%	4,45%	7,71%	11,81%
Plankontor	2,09%	1,11%	9,68%	0,51%	1,27%
Sjølvkost vatn/kloakk	0,95%	3,17%	3,01%	0,33%	0%
Næring	0,42%	2%	0%	0%	0%
Totalt heile kommunen	6,83%	4,88%	6,1%	7,05%	7,79%

(rapport for sjukefråvær er ikkje tilpassa ny administrativ organisering).

Sjukefråværet i 2021 var samansett av korttidsfråvær på 1,28% og langtidsfråvær på 6,51% (langtidsfråvær er fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar). Sett i lys av at 2021 (og 2020) var «korona-år» er ein oppgang i sjukefråvær frå 2019 på 1,7%, prosentpoeng ikkje så urovekkande. Men når ein ser at korttidsfråværet berre utgjer 1,28%, så indikerer dette at korona utgjer ein liten del av forklaringa på sjukefråværet. Eit særskilt positivt moment må seiast å vere helse og habilitering (med stor andel av tilsette i turnus) med eit sjukefråvær både i 2021 og 2020 på under 2,4%. Dette er etter registrering i lønssystemet. Jf. turnusprogrammet GAT syner eit fråvær på 4,93. Dette gir eit meir rett bilete, men er likevel eit lågt fråvær ved turnusarbeid.

9. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningslinjer, som er vedteke i K-sak 26/08. Etske retningslinjer blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningslinjer.

10. Årsverk og lønsnivå

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2019	2020	Ny org.	2021	Utv. 2019-2021
Ordførar	1,00	1,00	Ordførar	1,00	0
Komm.dir./felles/næring	12,06	12,11	Felles	11,76	-0,3
Eining for skule	44,71	40,70	Oppvekst/kul.	70,73	-13,64
Eining for barnehage	34,57	27,64			
Eining for kultur	5,09	5,06			
Eining for helse og hab.	35,40	33,70	Velferd	69,45	-1,00
Eining for omsorg	35,05	33,65			
Eining for teknisk drift	16,42	16,52	Teknisk	17,54	1,12
Plankontor	5,00	5,00	Plan	6,00	1
Totalt heile kommunen	189,3	175,38		176,48	-12,82

Tala som er oppgitt er i høve til faktiske tilsette. Tilsette i uløna permisjonar er ikkje teke med. Ein ser utslaget av ulike nedbemanningsprosessar, utfasing av flyktingtenesta og nedlegging av Haugsjåsund barnehage som har skjedd i perioden 2019 til 2021, ved at årsvekr er redusert med 12,82 i perioden.

11. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Budsjettet for 2021 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 2,9%. I justert budsjett var dette endra til eit negativt netto driftsresultat på 0,1%. Bruk av fond/fellesbuffer blei og endra frå opphavleg budsjett på 0,6 mill. til justert budsjett på 1,1 mill. Rekneskapen synte til slutt eit netto driftsresultat 7,6 mill. (3,47%). Så sjølv om sluttresultatet blei akseptabelt i høve til netto driftsresultat er det viktig å framheve at dette i stor grad er knyt til det ein kan kalle tilfeldige variasjonar, primært utvikling av straumprisar. Det vil derfor vere rett å hevde at dei reduksjonar ein har gjort på personell siste par år har vore nødvendige for å oppnå ein berekraftig økonomisk situasjon.

Når ein nå og ser at inntektene frå kraftproduksjon kan variere sterkt, bør det vere eit mål, i eit lengre perspektiv, og ikkje nytte alle kraftinntekter fullt ut til å finansiere driftsbudsjettet. Dette gjer kommunen svært sårbar for endringar i prisnivået på kraft.

I budsjett for 2022 er det og vedteke bruk av disposisjonsfond (0,4 mill.) og det er først i 2024, jf. økonomiplanen, det er balanse i driftsbudsjettet. Dette er å sjå som utfordrande.

Det er og grunn til å merke seg folketalsutviklinga siste åra, som og vil gje økonomiske utfordringar om det held fram. Dette gjeld både nedgang i folketallet totalt sett og den «forgubbinga» som ein ser ved framskriving av utvikling/samansetning av befolkninga. Litt enkelt sagt vil dette medføre at inntektene går ned og utgiftene opp.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vort ikkje vurdert som stor risiko for at anna kommunal drift må subsidiere desse tenestene. Men det er viktig å understreke at nivå på driftsbudsjettet på VA gjer til at ein i dei komande åra må auke gebyrnivået innan VA, slik ein gjorde i samband med budsjett 2022.

Totalt sett vurderer ein den økonomiske stoda framleis som stram, men under kontroll.

Sverre Sæter
Rådmann
Treungen 4. april 2022

12. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunestyresaker (m)	108(9)	89(8)	87(8)	76(8)	85 (8)	88(8)
Formannskapssaker (m)	170(16)	152(12)	144(13)	134(12)	153 (13)	133(11)
Administrasjonsutv.s .(m)	7(4)	11(4)	9(4)	7(2)	5 (3)	3(2)
Arbeidsmiljøutv.s .(m)	14(5)	14(4)	11(4)	22(4)	20 (4)	4(12)
Kontrollutvalsaker (m)	33(4)	34(4)	25(4)	31(4)	31 (4)	40(4)
Besøktal turistinformasjon	1.491	2 150	2470	2386	3501	3.625
Elevtal grunnskule	165	172	179	194	201	178
Årstimar til undervisning	16.483	15.780	16.619	15.974	17.033	16.653
Barnehageborn	78	85	85	75	64	62
Bokutlån	7.327	7.614	7.700	4.563	4.070	4.429.
Besøk biblioteket	7.115	7.200	5.572	6.920	1.357	1.650
Kultur- og musikkskulen t/v	21,27	21,67	23,82.	23,28	23,55	24,33
Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg)	56(+31 danserar i 6mnd)	58(+31 danserar i 6mnd)	61 (+26 danserar i 6 mnd.	58 (+24 danserar i 6 mnd.	56 (ikkje danse-gruppe)	59 (ikkje dansegruppe.)
Kulturskuletimen	29	48	55	52	0	0
Barnevernstiltak (tal - barn)	17	12	9	11	14	13
Vedtak pleie og omsorg	248	217	171	172	242	268
NOS 19 plass+1akuttrom Sal plassar (døgn/pas.) Liggedøgnstatistikk.	26/2 100,3%	3/1 95,23%	83/5 79,75%	85/6 82,87%	0/0 79,55%	0/0 68,22%(1)
Dødsfall på institusjonen	11	6	11	12	8	6
- Brukarar som mottar heimesjukepleie	64	71	78	82	77	79
Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20-3 og 20-4	158	146	124	114	152	199
- Nye frådelingar	90	121	76	76	84	126
- Godkjente reguleringsplanar	2	1	1	0	0	1
Brannutrykkingar	17	16	27	27	22	28

- (1) Liggedøgnstatistikk er berekna ut i frå at det er 20 pasientrom tilgjengelig, men kapasiteten er redusert til 18 pasientrom pga. nedbemanning og då vert det eigentlege talet 76 % berekna ut ifrå 18 rom.

13 Visjon (kapittelet er henta frå kommuneplanen)

Nissedal – der gode liv levast

Nissedal kommune sin visjon «*Nissedal – der gode liv levast*», er ny i kommuneplanen.

Visjonen understrekar at Nissedal er ein god stad å leve, og slik skal det fortsetje å vere.

Kva som er eit godt liv kan opplevast ulikt, både mellom enkeltindivid, ulike kulturar, aldersgrupper osv. I arbeidet med denne planen har me m.a. lagt til grunn at:

- Me må trivast
- Me må kjenne oss inkludert
- Me må få hjelp når me treng det
- Me må ha valfridom
- Me må ha økonomisk tryggleik
- Me må vere til nytte

I høve til tidlegare planar har denne planen eit større fokus på samfunns- og innbyggjarperspektivet, enn på den kommunale tenesteytinga. Det er lagt til grunn at det er i fagplanar og økonomi- og handlingsplan at konkrete mål og tiltak vert vedteke.

Folketal

Å oppretthalde, og helst auke, folketalet i kommunen har stor innverknad på at alle også i framtida kan leve det gode liv i Nissedal. Med færre innbyggjarar blir det sosiale miljøet snevrare og mindre attraktivt, og det vil heller ikkje vere mogleg å vidareføre dei gode kommunale tenestene slik dei er i dag.

Visjonen og positiv folketalsutvikling heng sterkt saman. Så lenge det opplevast at det gode liv levast i Nissedal, vil kommunen også vere attraktiv for busetjing. I tillegg vil skaping av næringsattraktivitet og arbeidsplassar kunne gje positiv effekt på folketalsutviklinga.

Folkehelse

Innbyggjarar som er livskraftige og glade får overskot, meistrar eige liv, treng mindre helsehjelp og bidreg i lokalsamfunnet. Alt ein gjer i kvardagen kan i større eller mindre grad påverke helsetilstand og trivsel, og difor skal kommunen leggje til rette for at folk kan gjere gode og helsefremjande val. Fokus i barnehage og skule på livsmeistring, inkludering og trivsel er viktige faktorar i utviklinga av god folkehelse. God folkehelse gir gode liv.

Berekraftig samfunnsutvikling

Kommunane er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Dei er nærast befolkninga, lokale verksemder og organisasjonar, og samstundes

ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkninga.

Å vidareutvikle Nissedal som eit berekraftig velferdssamfunn der det blir skapt verdiar og arbeidsplassar inneber å balansere ønskje om større aktivitet med berekraftige rammer. Vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustader gir grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar, med utvikling av infrastruktur og tenestetilbod som også er til nytte for fastbuande. Fritidsbustader inneber samstundes meir utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde.

Åtferdsverdiar

Det er i relasjon med andre menneske livet levast. Korleis ein opplever menneska rundt seg har mykje å bety for «det gode liv».

Åtferdsverdiar vi ønskjer skal prege dei mellommenneskelege relasjonane i Nissedal:

Saman er vi rause, respektfulle, omtenksame, inkluderande, blide og stolte.

14 Hovudmål (jf. kommuneplanen)

Nissedal - ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet

4.1.1 I Nissedal har me livskraftige og glade innbyggjarar som tek ansvar for eige liv

4.1.2 I Nissedal har me engasjerte innbyggjarar som deltek i frivillig arbeid til gode for fellesskapet

4.1.3 I Nissedal har innbyggjarane tilgang til arbeid og økonomisk tryggleik

4.1.4 I Nissedal verdsett me initiativ og nytenkning og grip sjansene som byr seg

4.1.5 I Nissedal legg me til rette for at det er mogleg å busetje seg der ein ønskjer

4.1.6 I Nissedal får innbyggjarane gode kommunale tenester etter behov

4.1.7 I Nissedal har me eit inkluderande og trygt samfunn, med levande grender og eit felles sentrum i Treungen

4.1.8 I Nissedal er det innbyggjarane som skapar framtida

Nissedal – ein attraktiv stad å drive næringsverksemd

4.2.1 I Nissedal utviklast eksisterande og nytt næringsliv i tett samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv

4.2.2 I Nissedal er reiselivsbasert næringsutvikling eit hovudsatsingsområde

4.2.3 I Nissedal er det ein arealpolitikk og ein infrastruktur som stimulerer til nyskaping og etablering av ny næringsverksemd

4.2.4 I Nissedal er naturen grunnlaget for berekraftige verksemd

4.2.5 I Nissedal utnyttast potensialet for ei kulturbasert næringsutvikling

4.2.6 I Nissedal etablerast det nye kompetansearbeidsplassar

Nissedal – tek miljø- og klimautfordringane på alvor

4.3.1 I Nissedal skal det vere like naturleg å ta omsyn til berekraftperspektivet som kost/nytte-perspektivet, både i dagleg tenesteproduksjon og i

4.3.2 I Nissedal stillast vasskrafta til disposisjon for ein klimatilpassa produksjon av fornybar energi til fellesskapet

4.3.3 I Nissedal formidlast kunnskap og haldningar som fremjar eit berekraftig samfunn

4.3.4 I Nissedal utviklast ei berekraftig hytteutbygging

4.3.5 I Nissedal skal innbyggjarane få vass-, avløp- og renovasjonstenester av svært høg kvalitet

4.3.6 I Nissedal blir landbruket med jord-, skog- og utmarksressursane drive

15. Handlingsdelen – Måloppnåing og gjennomføring av tiltak

15.1 Sentral leiing

Sentral leiing utgår frå kommunen si rådmannsgruppe med rådmannen sjølv og to kommunalsjefar. Rådmannen si leiargruppe er Leiarforum der einingsleiarane og plansjefen jamleg møter rådmannsgruppa.

Politiske saker vert utgreidd av sakshandsamar, som ofte er ein av einingsleiarane eller plansjefen, men tilrådinga er rådmannen si. Dette systemet er basert på det me kallar for fullført sakshandsaming, som i praksis betyr at sakshandsamar skriv saka med konklusjon og tilråding. Sentral leiing er rettleiarar i saksprosessane.

Rådmannen har eit overordna personalansvar i kommunen. Rådmannen har møter i arbeidsmiljøutvalet og kontaktmøter med hovudtillitsvalte.

Lokale lønnsforhandlingar blir gjennomført saman med fagsamanslutningane og rådmannsgruppa.

Sentral leiing har eit overordna ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidarsamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Felles mål for heile organisasjonen

- Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.
- Kommunen skal opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider med å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet
- Gjennom oppdaterte reglement, retningslinjer og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.
- Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.
- Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.
- Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre

Felles tiltak for heile organisasjonen

- Utarbeide ny planstrategi
Ny kommunal planstrategi 2021 – 2023 vedteken 6.5.2021 i kommunestyresak 34/21
- Følgje opp kommunestyresak 43/20 «administrativ organisering»
Punktet er fulgt opp er detaljert forklart i andre punkt under.
- Tilpasse organisasjonen ny kommunelov
Sjekk ut i k-sak 56/21: konsekvensar av ny kommunelov.
- Sørge for at ny organisering få satt seg
Kommunedirektøren meiner at ny organisering er meir høveleg enn den førre, og etter kvart som mellomleiarnivået blir etablert med ansvar som står i forhold til at einingsleiarane skal i mindre grad enn tidlegare vere del av den daglege

tenesteproduksjonen, vil heile organisasjonen stå fram som meir strategisk og eintydig. Etter sommarferien starta det opp eit omfattande opplæringsløp for avdelingsleiarane. Denne var intensiv i starten, og vil halde fram med jamlege økter for aktuelle tema. Røynsla så langt har vore svært bra. Ein har klart å skape eit lærefora med gjensidig utveksling.

- Lage stillingsomtalar for stillingar med endra innhald etter omorganiseringa
Kommunedirektøren har utarbeida mal for stillingsomtalar til avdelingsleiarar. Ein av tre einingsleiarar har utarbeida stillingsomtalar til alle sine mellomleiarar. Fullføringsgraden heng saman med gjennomføring av naudsynte omstillingssamtalar og omorganiseringar i delar av Velferd. Når alle avdelingsleiarane har eigen stillingsomtale, vil tilsvarande arbeid blir gjort for einingsleiarane.
- Ta i bruk internkontrollsystemet Compilo i heile organisasjonen
Compilo er tatt i bruk som kommunen sitt kvalitetssystem. Intranettet er nå gjort overflødig.
- Gjennomføre kartlegging av behov/tilstand i høve til beredskap (ROS-analyse)
Kommunedirektøren er i gang med eit omfattande arbeide med å lukke avvik etter beredskapstilsyn. Det mest omfattande er å lage overordna ROS-analyse og revidere den overordna beredskapsplanen.

Utkast til «Plan for samfunnstryggleik og beredskap» blir ferdigstilt tidleg i 2022, og blir grunnlag for møte i Beredskapsrådet i februar. Deretter vil planen bli lagt fram til godkjenning i Kommunestyret i mars (første møte i 2022)

Utkast til ROS-analyse er nesten ferdig, og vil, saman med «Plan for samfunnstryggleik og beredskap», bli lagt fram i møte i Beredskapsrådet. Etter at «Plan for samfunnstryggleik og beredskap» med oppdaterte varslingslister er godkjent av Kommunestyret i mars, vil opplæringsplan og årshjul bli laga. Arbeidet med «Plan for helse- og sosial beredskap» er starta, men me har enno ikkje klart å kome fram til ein god nok disposisjon med avgrensingar for planen. Me har motteke gode dømer frå Statsforvaltar på slike planar, og har soleis noko å gå etter. Nissedal kommune tenkjer at det ikkje vil vere naudsynt å lage ein eigen plan for miljøretta helsevern. Vår «Plan for samfunnstryggleik og beredskap» og overordna ROS-analyse vil dekke opp for dei tema som ville vore aktuelle i ein egen plan for miljøretta helsevern.

Statsforvaltar har gjeve kommunen frist til 1.5.2022 med å lukke avvika.

- Alle tenestebilar som blir kjøpt inn skal vere null-utsleppsilar.
Dette kravet vert følgt opp. Ny bil til felles bruk administrasjon er el-bil og 2 nye bilar som er bestilt til heimesjukepleia er el-bilar.
- Kommunedirektøren har følgt opp kommunestyrevedtak i å vurdere organisering av næring, turisme, reiseliv og delar av kultur. Desse områda blir saman med plan og byggesak til "Plan og næring" med noverande plansjef som kommunalsjef for plan og næring. Det vart rett før sommarferien starta rekruttering av næringssjef og kommuneplanleggar. Endringa trer i kraft frå 1.1.2022, og ny næringssjef byrja i jobben frå same dato.

15.2. Stabsfunksjonar

15.2.1 Fellestenesta

Fellestenesta har 7,35 årsverk fordelt på 10 personar. Fellestenesta er leia av kommunalsjef økonomi. Av tenester som ligg til fellestenesta kan nemnas, resepsjon/sentralbord, rekneskap, løn, fakturering, arkiv/post, personal, møtepapir, heimeside. Nettoramme for dei ansvarsområda som utgjer fellestenesta er 3,5 mill. (Tenestene, viktigaste førande lovverk/nasjonale føringar, årsverk, kostnadsramme, inntekter og netto ramme))

Mål for tenestene

- Halde eit forsvarleg og godt fagleg nivå på dei administrative tenestene som ligg til fellestenesta
- Yte god støtte til leiarar og andre tilsette i einingane som jobbar med administrative/merkantile oppgåver.
- Oppnå i størst mogleg grad at nøkkelkompetanse er fordelt på meir enn ein person, for å redusere sårbarhet ved fråvær.
- Oppnå effektivisering ved å automatisere/digitalisere/forenkle utan at kvaliteten på arbeidet blir redusert.

Tiltak

- Få etablert god arbeidsfordeling mellom einingane og fellestenesta etter styrking på 50%
Arbeidsfordeling mellom einingane og stab er i stor grad avklart. Mange vakansar/fråvær på fellestenesta har gjort til at ein må sette i verk fleire mellombelse løysingar. Dette har gjort at arbeidsfordeling mellom stab og einingane ikkje har blitt etter plan. I løpet av hausten blei det sett i gong eit opplæringsløp for avd.leiarane i høve til innføring/opplærings i nye rutiner/oppgåver. Dette vil bli vidareført i 2022.
- Vurdere arbeidsfordeling i heile fellestenesta i høve til sårbarhet på einskilde sentrale program/funksjonar.
Dette har ein ikkje kome vidare på. Men det er eit reelt problem, særleg på forsystemet til fakturering av kommunale avgifter/eigedomsskatt (Komtek). Her er det pr. i dag berre ein tilsett som kan dette systemet.
- Etablere ny løysing for drift av økonomisystemet, etter oppseiing frå noverande leverandør (Vest-Telemark driftssenter).
Ny løysing etablert i mars/april. Ny løysing opplevast som eit framsteg.

15.2.2 Næringsutvikling

Næringskonsulentstillinga er pt. ei 80% stilling lagt direkte under rådmannen. Rådmannen er også næringsssjef i Nissedal kommune. Det er eit tett samarbeid med Nissedal næringslag, særleg gjennom det 3-årige prosjektet «Nyskapande vekst i Nissedal».

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring er Strategisk næringsplan for Nissedal, Vedtekter for kraftfond og næringsfond, samarbeidsavtalar med Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Mål for tenestene

- Legge til rette for kompetansearbeidsplassar t.d. via private næringshagar.
- Legge til rette næringsareal for utvikling av kompetansearbeidsplassar.
- Utnytte kompetansen til dei mange hyttebuarane i kommunen.
- Legge til rette for heimekontor og mindre pendling.
- Alle innbyggjarar skal ha tilgang til breiband.
- Gje innbyggjarane eit breiare tilbod innan handel og næring.
- Utvikling av området rundt Jettegrytene.

Tiltak

- Arbeide vidare med avklaring og tilrettelegging rundt Jettegrytene.
I vår/sommar har grunneigarar fått løyve til, og opparbeid, ny parkeringsplass på innsida av kraftstasjonen, samt betalingsløysning. Planavdelinga har alt av kontakt opp mot grunneigarane.
- Jobbe vidare med søknaden om breiband i kommunen.
Kommunen har fått innvilga breibandsøknaden for 2021 og kontrakt med utbygger VTK er signert. Ein ny søknad for 2022 er sendt.
- Utgreie sak om Nissedal som typisk turiststad.
12. des. 2019 vedtok kommunestyret å utgreie sak om Nissedal som typisk turiststad og den 6.10.2020 vart det sendt ein søknad til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Nissedal kommune purra på svar 29.03.21, 16.08.21 og 23.08.21. Den 25.08.21 svarte Statsforvaltaren at søknaden er sendt ut på høyring med 3 vekers høyringsfrist. Det vart purra igjen fleire gonger i løpet av hausten utan at ein fekk eit svar (løyve kom i januar 2022).
- Samarbeid med Åmli, Froland og Fyresdal i eit prosjekt om utvikling av Nidelva.
Det blei i 2019/2020 løyvd til saman 200.000 kr frå Vestfold og Telemark, og Agder Fylkeskommune (100.000 frå kvar) til ein mogleighetsstudie for utvikling av reiselivet rundt Nidelva/Arendalsvassdraget. Studien blei avslutta hausten 2020 og var eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Nissedal, Fyresdal, Froland og Åmli, samt med involvering og bidrag frå Åmli Turistforum, Nissedal næringslag og Canvas Hotel AS. Samarbeidet fortset i eit forprosjekt «Nidelva som friluftsliv- og resemål» med dei same deltakarane. Nissedal kommune har løyvd kr. 75.000 til dette.
- Utarbeide ny strategisk næringsplan.
Ikkje gjort.
- Sikre heilårsdrift på Fjoneferga.
Rådmann, einingsleiar teknisk og næringskonsulenten har jobba tett opp mot nye drivarar av Fjoneferga med tanke på bl.a. nye driftsavtalar, kommunikasjon med fylket, samt krav og sertifisering frå Sjøfartsdirektoratet. Drift og sertifisering er avklart. Overtaking av drift frå fylket er uavklart.
- Legge fram sak om nullkonsesjon.
I formannskapssak 86/21 vart det lagt fram ei sak om null-konsesjon med utgangspunkt i utgreinga frå Telemarksforskning. Spørsmålet om null-konsesjon vart lagt ut på høyring og det vart gjennomført eit folkemøte hausten 2021. Saka kom opp i 09.12.2021, men vart utsett til 2022.

- Følgje opp bransjar/verksemdar som har særlege utfordringar knytt til covid-19.
Vestfold og Telemark fylkeskommune har gjeve Nissedal kommune tre ekstraordinære tilskot (på 1,1 mill. og 2 x 250.000 kr), som følgje av Covid-19 utbrotet. Alle tilskota har krav om søknad via www.regionalforvaltning.no Alle tre tilskota er lyst ut og fordelt.
- Utgreie deltaking i «Haukelivegen».
Overført til handlingsprogrammet for 2022.
- Utarbeide marknadsføringsstrategi.
Overført til handlingsprogrammet 2022.
- Bruke marknadstilpassa prissetjing av næringsareal.
Teke til vitande.

Kommentar til rekneskapen:

I k-sak 47/21 blei det løyva kr 30.000 til profilering av bustadtomter på Damkollen. Dette blei i all hovudsak nytta til produksjon av film. Det er behov for midlar og til annonsering, slik at behov totalt til profilering vil kome på omlag kr 45.000. I samband med omorganisering av næringsapparatet er det lyst etter nærings sjef. Dette til ein kostnad av kr 27.000 i annonseutgifter. Det blei og trekt ut lønsmidlar frå næring då næringskonsulent har gått dels over i anna stilling i kommunen (40%).

Rydding/vask i Jettegrytene har i år kome på kr 45.000, som er kr 20.000 meir enn budsjettet tek høgde for. Toalettet i bygget til tidlegare turistinformasjon var det ikkje lagt opp til skulle vere opent i sommar. Men det blei sterkt etterspurt og kriseleiinga vurderte opning av dette som eit naudsynt tiltak. Det blei inngått avtale med drivar av turistinformasjonen om reinhald av dette toalettet. Dette til ein kostnad på kr 16.000. Finansiering av dette kan sjåast opp mot restsum av midlar kommunen fekk i høve til covid-19.

15.2.3 Interkommunalt plankontor

Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2021 budsjettert med 5,15 årsverk fordelt på seks stillingar. Inntektene, i det alt vesentlege behandlingsgebyr, er budsjettert til 3,902 mill. kr. Etter samarbeidsavtalen skal kommunane fordele nettokostnaden ved drifta av plankontoret etter folketalet. For 2021 er andelen til Nissedal berekna til 37,6 %. Det utgjer kr 336 000. For sjølvkostområda oppmåling og byggesak er det eit mål å oppnå 100 % dekningsgrad, dvs at desse tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Felles mål for heile plankontoret

- Legge til rette for bustadbygging og næringsetableringar i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.1.5 og 4.2.
- Legge til rette for bygging av fritidsbustader i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.2 og 4.3.4.
- Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag gjennom vidare arealkartleggingar av t.d. kulturminne, naturtypar og friluftslivsaktivitetar.
- Syte for rask behandling av alle typar søknader. Ikkje brot på lovfastsett behandlingstid.

Felles tiltak for heile plankontoret

- Tilpasse årsverk til eventuell endring i oppdragsmengde og/eller endra saksbehandlingskrav.

Administrasjon og plan

Tenester/arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Naturmangfaldlova, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2021: 1,10.

Mål for tenestene

- Alltid ha oppdaterte arealplanar.
- Ha nok detaljplanlagde tomter for bustadbygging, med vekt på sentrumsområda Treungen og Kyrkjebygda.
- Yte rett og rask service til alle som etterspør kartbasert informasjon.

Tiltak

- Ferdigstille kommuneplanens arealdel i 2021.
Kommunestyret eigengodkjente kommuneplanens arealdel 25.03.21 (sak 016/21). Planvedtaket er annonsert og sendt til høyringspartane.
- Ferdigstille revidert detaljreguleringsplan *Treungen sentrum nord*.
Oppstart av arbeidet er varsla. Arbeidsgruppa for planarbeidet hadde møte 23.08., og konkluderte då med at planområdet må to-delast der ferdigstilling av ein detaljplan for øvre del (nye bustad-tomter langs Tveitvegen) må prioriterast framfor plan for nedre del (dagens sentrum). Arbeidsmengda samt at ein nøkkelperson ved plankontoret slutta, gjorde det uråd å fullføre dette arbeidet i 2021.
- Ferdigstille revidert detaljreguleringsplan *Framnes øvre*.
Oppstart av arbeidet er varsla. Arbeidsmengda ved plankontoret gjorde det uråd å prioritere dette arbeidet i 2021.

- Avklare vidare planprosess for området *Jettegrytene*.
Oppstart av arbeidet er varsla. Det er blitt etablert ein parkeringsplass på Skarvetjønnoen, del av g/bnr. 46/26, ved starten av stien til Jettegrytene. Den privatrettslege striden rundt bruken av det private vegnettet til Jettegrytene må derimot løysast i rettsapparatet. NVE har ennå ikkje avklara om søknaden frå Agder Energi (AE) om riving av tømmerrenna vil krevje konsesjonsbehandling etter vannressursloven. Dette er likevel ikkje til hinder for å finne ei løysing med AE om å la renna bli ståande. Ei avklaring av dette vil gje klare føringar for vidare planarbeid i området, noko som ikkje blei avklara i 2021.

Kart og oppmåling

Tenester/arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikellova.
Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Matrikellova, Eigarseksjoneringslova, gjeldande kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.
Budsjetterte årsverk 2021: 2,50.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Fortsette innmåling av kommunalt v/a-nett.
Det er gjort nokre innmålingar i Framnes-feltet
- Tilby utarbeiding av tomtedelingsplanar for private.
Det er utarbeidd revidert reguleringsplan for planområdet Huvtjønnskarine, Kyrkjebygdeheia, godkjent etter pbl §12-14 i formannskapssak 029/21.

Byggesaksbehandling

Tenester/arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader
Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.
Budsjetterte årsverk 2021: 1,55.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Sal av tenester til eigedomsskatt-prosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).
Det er internfakturert 75,00 timar på dette arbeidet.
- Kontroll av §-13 reinseanlegg.
Dette arbeidet blei gjort ved hjelp frå innleigd konsulent (Asplan Viak). Det er registrert 10 private og 3 kommunale § 13- anlegg. Anlegga som etter utbygging av nytt Treungen reinseanlegg skal halde fram som eigne anlegg, blei prioritert for kontroll. Det blei utarbeidd tilsynsrapportar frå desse anlegga: Drangsvatn, Vedlausfjell, Nordskogbukta, Sandvik og Nisser Camping. Kommunen må fylgje opp rapportane med kontrollar og eventuelle pålegg om retting.

Kompetanseutvikling:

Ny oppmålingsingeniør byrja på kurset «digital matrikkelføring», del 1. Eksamen og autorisasjon som matrikkelførar vil kome i 2022.

Det er ikkje gjennomført andre kompetansehevande tiltak for tilsette ved plankontoret. Kompetansen synest å vere greitt tilpassa hovudarbeidsoppgåvene ved kontoret.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet er berekna til 1,27 %, alt registrert som korttidsfråvær. Ikkje noko av fråværet er blitt relatert til arbeidsplassen/arbeidsmiljøet ved plankontoret.

Kommentar til rekneskapan:

Totalt sett har plankontoret eit meirforbruk på kr 326.000.

Lønsutgifter og andre utgifter er i godt samsvar med budsjettet.

Utgifter som varierer med aktiviteten (tinglygingsgebyr m.m.) har hatt ein betydeleg, men pårekneleg auke.

I høve til opphavleg budsjett, kom ansvarsområda for oppmålings saker og for byggesaksbehandling ut med betydelege meirinntekter. Kommunens budsjetterte gebyrinntekter frå oppmålingsarbeidet, kr 679 000, blei auka med kr 50 000 ved budsjettendring etter 1. tertial, og ytterlegare auka med kr 300 000 etter 2.tertial. Resultatet blei derimot langt over dette med samla inntekter på kr 1 300 000.

For byggesaksbehandlinga blei budsjetterte gebyrinntekter auka med kr 200 000 frå kr 600 000 etter 2.tertial. Sluttresultatet blei også her langt over revidert budsjett, med samla gebyrinntekter på kr 1 027 000. For planbehandlingar var gebyrinntektene nær i samsvar med budsjettet, kr 103 000 mot budsjettert kr 109 000.

Både oppmåling og byggesak er derimot underlagt sjølvkost-regime, slik at auka inntekter her ikkje automatisk kan brukast til inndekning av andre budsjettpostar. Det er også frå rekneskapsåret 2021 skjerpa inn at ein ikkje kan ta omsyn til tidlegare års meirforbruk innom desse områda. Dette har gjort at utgangspunktet for sjølvkostområda på dette rammeområdet også var feilbudsjetterte. Av meirinntektene måtte 583 657 på oppmåling setjas til fond og kr 739 778 på byggesak setjas av til fond. Her stod det frå før kr 210 206 på fond, slik at samla fondsavsetjing nå er kr 949 984. Men opphavleg budsjett tok ikkje tilstrekkelig høgde for avsetning til fond og dette er hovudårsaken til at rekneskapan har eit meirforbruk i høve til budsjetttramme på kr 326.000.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

Ingen

Korona – rapportering:

Internt blei ikkje plankontoret pålagt tiltak eller gjennomførte tiltak som fylgje av korona-situasjonen ut over kva dei generelle restriksjonane elles i samfunnet førte med seg.

Heimekontor var ei frivillig løysing, men blei bruka i svært liten grad. Pandemien førte til auka aktivitet på alle område plankontoret hadde ansvar for, slik rekneskapstala tydeleg fortel.

15.2.4 Interkommunalt landbrukskontor

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

Mål for Landbrukskontoret

- Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Landbruket skal vere ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Tiltak

- Halde fram med tett oppfølging av pelsdyrdrifta på Berlimoen med omsyn til gjødselhandtering. Landbrukskontoret skal halde fram med å arbeide intensivt for å redusere flugeplagene i Haugsjåsund.

Pelsdyrdrifta på Berlimoen i Haugsjåsund er lagt ned. Det har ikkje vore dyr i nokre av dei fire farmane i 2021. Nissedal kommune har festeavtale med grunneigar der tre av dei fire farmane er, og har framfesta areal til pelsdyrbøndene på området.

Det meste av gjødsel er fjerna frå anlegget. Det som er att av gjødsel ligg tørt og er skjerma for nedbør og overflatevatn. Gjødselen gir derfor ikkje grobunn for fluger, og det har vore lite fluger å sjå i anlegget i sommar sjølv om det har blitt klaga på fluger i byggefeltet i Haugsjåsund. Erstatningsordningane er ikkje avklart. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark rår frå å rive anlegga før erstatninga er bestemt.

- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark
Blir følgd opp kontinuerleg.
- Ha merksemd på oppfølging av bu- og driveplikta i kommunen.
Alle eigarskifta på landbrukseigedomar blir registrert og buplikt følgd opp ved ei årleg gjennomgang av registreringane.
- Landbrukskontoret har etter omorganisering haust/vinter 2021 no berre 2 årsverk mot tidlegare 2,6. Det vert jobba med opplæring og rutineending for å kompensere for denne stillingsreduksjonen.

Viltforvaltning

Kommunen har eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjortevilt, og skadefelling.

Miljø

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.

Vassregionen skal nå i gang med rullering av planen for neste planperiode, perioden 2021 – 2027.

Samla for rammeområde felles:

Kompetanseutvikling:

Totalt under rammeområde felles var det i justert budsjett avsett kr 68.000 til opplæring/kurs. Rekneskapen syner eit forbruk på kr 35.000. Største posten står kontrollutvalet for med kr 12.000. Elles er det spredt ut på fleire område. Det har med andre ord vore liten aktivitet i høve til kurs/opplæring i 2021, noko som dels kan forklarast med korona.

Det har i løpet av hausten blitt gjennomført eit opplæringsløp for avdelings-/einingsleiar. Dette har stort sett blitt gjennomført med interne krefter, der tilsette frå felles har stått for mykje av opplæringa.

Sjukefråvær:

Rammeområde felles (som vil seie ordførar, kommunedirektør, kommunalsjefar, fellestenesta, frikjøpte tillitsvalte og lærlingar) har eit sjukefråvær 13,73%. Dette er fordelt på 12,99% langtidsfråvær og 0,74% kortidsfråvær. Dette er ein dramatisk auke i høve til 2020 då fråværet var 8,42% og endå verre om ein ser til 2019 då det var 3,54%. Rammeområdet er ikkje større enn at auke kan knytast til enkelttilfelle med langtidssjukemeldte og der det ikkje er grunn til å tru at sjukefråværet er relatert til arbeidssituasjon/-forhold. I tillegg til langtidssjukemeldingar har det og vore skifte i fleire stillingar på felles, som har medført vakanse i stillingar og opplæring av nyttilsette. Dette har gjort til at fleire tilsette på felles har hatt eit utfordrande år i 2021.

Kommentar til rekneskapen:

Rammeområde felles har samla eit mindreforbruk på kr 2.262.000.

Det største enkeltmomentet til dette avviket er konsesjonskraftinntekter som blei kr 1.811.000 over budsjett. Anslaget på konsesjonskraftinntekter blei oppjustert med 2,9 mill. i løpet av året. Det kom eit siste anslag på auke i konsesjonskraftinntekter rett etter vedtak av 2. tertial og dette blei dermed ikkje innarbeidd i budsjettet.

Utgifter til felles NAV-kontor i Vest-Telemark, ligger under felles. Dette gjeld både drift av kontoret og utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Då avrekning for 2021 kom i samband med årsoppgjeret, synte dette eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 596.000.

Overføring til landbrukskontoret blei kr 78.000 under budsjett. Dette er årsaka av at stillingsreduksjon som blei gjort i løpet av året ikkje blei teke omsyn til i høve til budsjettering av overføringa til felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal.

Kostnad til reguleringsplanar for Treungen sentrum og Jettegrytene ligg under felles. Dette arbeidet blei utsatt til 2022 og dette resulterte i eit mindreforbruk på kr 50.000. Men denne kostnaden vil «kome att» i 2022.

Overføring til felles barnevernskontor i Vest-Telemark ligg under felles. Her synte avrekninga eit mindreforbruk på kr 61.000.

Avsetning av avkastning på kraftfondet ligg under felles og blei kr 192.000 over budsjett. (Inntektene/avkastninga ligg under sentrale inntekter).

Lønspott heile kommunen «sprakk» med kr 175.000. På bakgrunn av at effekt av delar av lønsoppgjeret ikkje blei klart før mot slutten av året, blei ikkje dette teke omsyn til i samband med 2. tertial.

Korona – rapportering:

Nissedal kommune si kriseleiing er samansett av ordførar, kommunedirektør, smittevernlege (kommuneoverlegen), beredskapskoordinator og kommunalsjef økonomi.

I heile 2021 var Kriseleiinga i beredskap i samband med pandemien covid 19.

Kriseleiinga hadde faste møter ein gong i veka der smittevernsituasjonen vart vurdert. Aktuelle tema for smittevern vart drøfta, og ved behov vart møtet utvida med aktuelle einingsleiarar.

I 2021 var merksemda særleg vaksinerings og oppfølging av pålegg og råd frå sentrale styresmakter.

15.3. Eining for oppvekst og kultur

15.3.1 Heile eininga

Eining for oppvekst og kultur består av barnehage, grunnskule, SFO, vaksenopplæring, flyktingtenesta og kultur.

Budsjettramme heile eininga: 47 955 000 kr

Årsverk heile eininga: Omlag 70

Leiinga har ein sentral administrasjon med einingsleiar og pedagogisk konsulent i 100% stilling kvar. Logopedstillinga i kommunen på 27% ligg også her. Budsjettramme administrasjon: 2 982 000 kr

Felles planar for eininga:

- Kva gjer me når me er bekymra for eit barn (Modellkommuneplanen)
- Plan for psykososialt miljø for barn og unge i Nissedal kommune (*under utarbeiding, namn ikkje fastsett*)

Felles mål for heile eininga

- Gode tilbod for barn og unge i Nissedal kommune, dag og kveld. (4.1.6)
- Arbeide aktivt for å avdekke barn og unge som lever under urovekkjande forhold. (4.1.7)
- Fokus på livsmeistring (4.1.1)

Felles tiltak for heile eininga

- Strategisk arbeid i leiargruppa (einingsleiar, pedagogisk konsulent, kultursjef, styrarar og rektorar) for å finne gode samarbeidsområde
Vi har fått til fleire gode felles samarbeidsarena, t.d. kring utarbeiding av «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal», beredskapsplan, Prosjekt med FUB/FUG, m.m.
Vi hadde ein fin leiarsamling i eininga sett til september med saker som Barnevernsreformen, Statpedreformen og Meld. St. 6 «Tett på» om tidleg innsats. Det er oppretta ny struktur for leiarmøte, med felles møte ein gong per måned, i tillegg til fagdelte leiarmøte (samarbeidsmøte kultur, styrarsamling og rektormøte).
- Vere aktive brukarar av modellkommuneplanen
Modellkommuneplanen er minna om, men treng ei revidering.
- Tettare samarbeid med barnevernet, jf. Barnevernreformen
Vi er i gang med eit betre og tettare samarbeid med barnevernet. Samarbeidar om barnevernreforma.
- Delta i prosjekt «Rusfri, Robust og Rettferdig»
Samarbeidar på fleire plan, mellom anna ved søknad, rekruttering og opptatt LOS-funksjon i kommunen. (Oppfølging ungdom)
- Delta i prosjekt med Foreldreutval for barnehagar (FUB) og Foreldreutval for skular (FUG) for å vidareutvikle foreldresamarbeidet
Igangsatt, er i førprosjektperioden. Ressurspersoner frå kvar skule er peika ut og blir med på opplæringsdagar på nyåret.
- Evaluering av om «Nissedal-kortet» fungerer etter hensikt.
Gjennomført
Vert sak i ungdomsrådet
- Fylgje opp ungdomsrådet, og gjere det til eit vitalt organ.
Ungdomsrådet blir godt fulgt opp nå, og vi er heldige som har aktive og engasjerte ungdom, samt koordinatorrolla på plass.

Endringar i planperioden

- Eininga er ny frå 01.08.20. Det skal bli vurdert om delar av kultur skal over i ei anna organisering saman med næring og turisme.
- Gjennomføre reduksjon vedteke i budsjett 2020 av 100% fagarbeidar i barnehage og 100% fagarbeidar/lærer i skule med verknad frå 01.08.21
- Total utfasing av flyktingtenesta frå 2022.
- Vurdere vidare barnehagedrift i dei minste barnehagane (Fjone og Felle) jf. vedtektene til barnehage, punkt 9:

Dersom det vert meldt eit behov for eit barnehagetilbod for min. 6 barn i ein krins, kan kommunen vurdere oppretting av eit tilbod. Dersom det vert mindre enn 6 barn i eit eksisterande barnehagetilbod, skal kommunen vurdere vidare barnehagedrift.

15.3.2 Grunnskule og SFO

Nissedal kommune har to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebygda er ein tre-delt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Tveit skule og Nissedal ungdomsskule har felles administrasjon og rektor. Ved begge skulane har ein SFO, samt ein SFO-avdeling i samarbeid med Felle barnehage. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for oppvekst og kultur er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid.

Prognose elevtal planperiode

Basert på tal frå skuleadministrativt system og helsestasjon 22.10.20

Skule	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. skule 1.-7. klasse	31	28	27	28	26
Tveit skule, småskulen 1.-4. klasse	57	50	56	46	46
Tveit skule, mellomsteget 5.-7. klasse	49	51	43	46	41
Nissedal ungdomsskule 8.-10. klasse	54	54	64	62	63
Elevtal totalt i kommunen	191	183	190	182	176

Det er totalt omlag 39 årsverk i skule og SFO.

Skule og SFO har ei budsjetttramme på 27 millionar årleg. Ein anslår foreldrebetaling i SFO i 2021 til omlag 280 000 kr inntekt, noko som er ein betydeleg reduksjon frå tidlegare år.

Lowverk:

- Opplæringslova med forskrifter
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 «Fagfornyinga» (LK20)
- Rammeplan for SFO (Ny i 2021)

Planar:

- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Plan for skule-heimsamarbeid
- Leseplan
- Plan for Vurdering for læring
- Forskrift til ordensreglement
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune

Mål for tenestene

- Nissedalsskulen skal ha eit godt læringsmiljø og vere ein stad der barn og unge trivst (4.1.1, 4.1.7)
- Nissedalsskulen har folkehelse og livsmeistring i fokus (4.1.1)
- Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er ein del av det ordinære opplæringstilbodet (4.1.6)
- Tidleg innsats, både fagleg og sosialt, blir prioritert (4.1.1)
- Opplæringa i Nissedal kommune skal vere av høg kvalitet, utviklingsorientert og i tråd med nasjonale føringar og lokale forventningar (4.1.6)
- Vi er gode samarbeidspartnarar med foreldre og tenester som PPT, barnevern og skulehelsetenesta (4.1.8)
- Vi arbeidar stadig for å sikre god brukarmedverknad (4.1.8)

Tiltak

- Følgje opp og vere pådrivar i sak om renovering av skulebygga på storskulen (Tveit skule/Nissedal ungdomsskule)
Det blei ikkje sett i gang spesielle tiltak i løp av vår og sommar 2021 på grunn av kapasitetsproblem ved teknisk avdeling. Hausten 2021 blei det gjort endringar ved teknisk avdeling, slik at ei kan starte opp kartleggingsarbeidet i januar 2022.
Det blei nytta 50.000 til universell utforming ved småskulen ved å bygge ein veg for rullestolbrukarar. Det blei og sett opp to nye leikestavar ved småskulen, der 50.000 var tilskot frå Sparebankfondet og resten blei dekt av kommunen.
- Ta i bruk ny rammeplan for SFO (gjeldande frå 2021)
Ny rammeplan har blitt teke i bruk, og ein har i løp av hausten deltatt på webinar, hatt planleggingsdagar og jobba målretta med å planlegge og iversette dei nye tiltaka i rammeplanen. Ein vil halde fram med implementeringsarbeidet våren 2022.
- Bruke modellkommuneplanen aktivt ved bekymring kring barn
Modellkommuneplanen er minna om, men treng ei revidering.
- Delta i det fylkeskommunale «Liv og røre»-prosjektet for å syte for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen
Prosjektet «Liv og røre» blei for Nissedal sin del avslutta i 2021, men ein blei samd om å halde fram. Ansvar for å framdrifta er no teke over av rektorane ved dei to skulane som vil ha ansvaret for satsinga framover.
Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule deltok på samling i Bø hausten 2021. Ein ressursperson frå fylkeskommunen har vore ved skulen og undervist og motivert dei tilsette med idear og teori knytt til prosjektet. Tveit skule vil søke fylkeskommunen om nye midlar i løp av vinteren 2022.
- Ta i bruk ny plan for psykososialt miljø for barn og unge i Nissedal kommune (*under utarbeiding, namn ikkje fastsett*)
Planen: «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljø i Nissedal» er vedteken av kommunestyret og er i bruk. Den har blitt presentert av alle tilsette på planleggingsdagane i august og for foreldre på foreldremøte denne hausten. Alle tilsette har jobba individuelt og i lag for å bli kjent med planen og jobbe med korleis planen skal implementerast i den daglege drifta.

- Syte for gode overgangar ved å ta i bruk den nyleg reviderte planen for overgangar «Frå eldst til yngst». (Revidert hausten 2020)

Plan for overgangar blei i 2021 revidert og godkjent av kommunestyret. Sommaren 2021 ble kommunen innvilga 1,2 millionar frå Bufdir i tilskot til «ungdomslosen», som har som mål å førebygge fråfall i vidaregåande skule. Dette tilskotet er fordelt på 3 år. Hausten 2021 blei det tilsette ein person som «ungdomslos», som starta så smått opp arbeidet før jol 2021, og deltok på ei samling med rektor for elevar som avslutta 10.klasse våren 2021. Målet er å følgje opp disse elevane medan dei går på vidareande skule.

- Vi skal legge til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege temaa i LK20: folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap og bærekraftig utvikling Pågåande arbeid med å sette seg inn i den nye læreplanen

Tveit: Våren 2021 jobba dei tilsette ved skulen med å planlegge tverrfaglege samarbeid med utgangspunkt i Fagfornyinga. Opplegga blei gjennomført i løp av hausten 2021, og evaluering viser at dette er noko som både tilsette og elevar meiner er ein god måte å jobbe på.

Ved skulen har ein og inngått avtale om «Ung entreprenørskap», som er ein samarbeidsprosjekt for å auke motivasjon, skaparglede og kunnskap retta mot framtidig jobb og yrkesliv. Både rådgjevar og kontaktlærarar har jobba målretta og godt i dette nye prosjektet, som vil halde fram i 2022.

Kyrkjebygda: Hausten 2021 gjennomførte me den årlege TV-aksjonen. I år planla me den knytt opp mot det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap. Årets Stortingsval vart nytta inn i eit arbeid knytt til demokrati og medborgarskap. Vidare nytta me hausten til å strate planlegginga av eit tverrfagleg tema me ønskjer å gjennomføre før påske 2022. Då ønskjer me å gjennomføre eit prosjekt knytt til bærekraftig utvikling. Her er eit samarbeid med IATA naturleg.

- Vi arbeidar med opplæringas verdigrunnlag i overordna del av læreplanverket. Mellom anna med fokus på skaparglede, engasjement og utforskartrøng, for å stimulere til innovasjon og ideen om å skape eigne arbeidsplassar.

Tveit: Fagfornyinga har vore eit satsingsområde dei siste to åra, og i tillegg til tverrfaglege tema har verdiar knytt til skaparglede, engasjement og utforskartrøng blitt vektlagt. Motivasjon har vore eit tema som har gått igjen både blant elevar og tilsette, der tilsette skal jobbe mot at alle elevar finn motivasjon i arbeidet med å lære. Motivasjon og dei andre verdiane har vore tema på foreldremøte, slik at foreldra får betre forståing for kva fagfornyinga handlar om og kva elevane skal jobbe med.

Kyrkjebygda: Ein del av arbeidet med å implementere og ta i bruk ny læreplan er å sette seg inn i den overordna delen av læreplanverket. Ein ønskjer å vektlegge og legge til rette for mellom anna desse tre emna som ein inkludert del av den ordinære undervisninga.

- Vi har eit kontinuerleg fokus på eit godt foreldresamarbeid, gjennom Plan for heim-skulesamarbeid

Kyrkjebygda: Haustens foreldremøte gjekk som planlagt og det opplevast som det er lett å få foreldre til å delta i dei ulike rådsorgana. Visma er no nytta som hovudkanal for informasjon mellom heim og skule, alle heimane har lasta ned føresett-appen til Visma og dei er flinke til å gje beskjedar og føre elevfråvær sjølve.

Tveit: Hausten 2021 blei det gjennomført foreldremøte på alle trinn, der rektor var med å presenterte sentrale tema og tiltak skulen har sett i gang knytt til planen. Det blei og hele «Open skule» i løp av hausten, som blei evaluert. Det har vore konstruktive møte i FAU både vår og haust 2021.

Visma Flyt er eit digitalt kommunikasjonsprogram, som har styrka samarbeidet og kommunikasjonen mellom heim og skule ytterlegare. Visma blei teke i bruk for fult frå hausten 2021, der skulen har hatt moglegheit til å gje foreldra raskt informasjon, ikkje

minst i smittesituasjonen kring Covid-19. Og der foreldra har hatt moglegheit til å melde fråvær og spørje kontaktlærarane om ting dei undrar seg over.

Joleballet 2021 blei utsett til februar 2022 på grunn av auka covid-19-smitte i kommunen.

- Vi skal delta i prosjekt med FUG (Foreldreutvalet for grunnskular) for å vidareutvikle skuleheim-samarbeidet

Igangsatt og er i forprosjektfasen. Plan for perioden er utarbeidd. Informasjon til kommunestyret er gitt. Det har blitt gitt informasjon på foreldremøte i vår.

Ressurspersonar i alle avdelingar er plasserte og dei er med på opplæringsdagar frå nyåret 2022

- Vi legg til rette for eit godt samarbeid med skulehelsetenesta

Det er eit tett og kontinuerleg samarbeid med skulehelsetenesta på fleire nivå.

Skulehelsetenesta har vore ein viktig samarbeidspartnar i 2021 på grunn av smittesituasjonen. Skulen har jobba saman med lege og tilsette ved legekantoret for å drive testing, smittesporing og smittevern.

Men det har og vore tett samarbeid knytt til psykososialt skulemiljø, skulehelseteneste, elevar som treng spesiell oppfølging og tradisjonelle tema.

- Vi nyttar det kommunale Barne og – ungdomsteamet godt til å drøfte utfordrande saker og problemstillingar, samt strategisk tenking i forebyggingsarbeid

Det var ikkje møte i barne- og ungdomsteamet i 1. del av 2021. På hausten var det møte, og tema var korleis hindre utanforskap. Eksterne gjester frå Kvitte og Vest-Telemark vidaregåande skule var kalla inn. Rådgjevar og rektor ved Nissedal ungdomsskule deltok også. Eit viktig tema som vi vil arbeide vidare med i barne og ungdomstemaet. I desember var det møte med viktige tema som gjeld ungdommen vår. Einingsleiar og rektor ved ungdomsskulen deltok. Vi ser meir og meir at barne- og ungdomsteamet er eit godt fora til samarbeid og tverrfagleg satsing for våre barn og unge.

- Vi samhandlar aktivt i prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig» (2020-2023)

Rektor sit i styringsgruppa, og har regelmessige møte med dei andre kring planar, tiltak og søknadar om midlar. Eit av tiltaka var at Marco Elsafadi vitja kommunen og hadde føredrag for foreldre, elevar og tilsette som fekk gode tilbakemeldingar. Tema for foredraget var mellom anna motivasjon.

- Vi held fram med å vere godkjende trafikksikre skular

Tveit: Det har i løp av året vore fokus på korleis lage sikre områder kring småskulen, med tanke på foreldre og skulebussar som kjem for å leverer/hentar barna.

Det har og vore fokus på bruk av nye reglar for sikker bruk av elektriske sparkesyklar. Disse reglene er teke i bruk ved skulen.

Kyrkjebygda: Hausten vart nytta til å arbeide med og dokumentere rutinar og planar for å bli på nytt godkjende som trafikksikker skule. På våren gjennomførte me ei «sykkelveke» der me hadde både trafikksikkerheit og trafikkopplering i form av teori og praksis.

- Vi følgjer opp Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
Lisensar for kommunikasjonsprogrammet Adobe Connect er kjøpt inn, og rektor ved Tveit skule vil i løp av vinter og vår lage opplæringsplan og gjennomføre opplæring for tilsette ved Kyrkjebygda og Tveit skule. IKT-arbeidet er evaluert i løp av hausten.

- Universell utforming i alle ledd er viktig for inkludering og blir etterspurd og fulgt opp av skule

Det er ein kjent sak at den universelle utforminga ved fleire av bygga ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule ikkje er gode nok. Det vil vere naturleg å sjå dette i ein samanheng når teknisk avdeling no kartlegg situasjonen ved skulen.

I løp av 2021 blei det laga ein ny veg for rullestolbrukarar ved småskulen.

- Gjennomføre brukarundersøkingar og aktiv nytte skulen sine rådsorgan, som beskrive i Plan for heim-skulesamarbeid

Tveit: Resultata frå Ungdata.undersøkinga var breiare dette året fordi kommunen også deltek i Ungdata junior. Dette er eit samarbeide med helseavdelinga.

Eit av satsningsområda i 2021 var å skape eit trygt og godt skulemiljø, og alle elevar har svart ei undersøking frå kontaktlærar om dei trivast, har vener og kjenner seg einsame. Kyrkjebygda: Året starta med å arbeide med svara frå elevundersøkinga frå hausten 2020. Denne synar totalt sett gode resultat. Resultata vart gjennomgått med elevar, tilsette og i rådsorgana. Elevane på mellomtrinnet deltok i haust på årets undersøking. Den er obligatorisk og i regi av utdanningsdepartementet. Resultata frå denne vert klare først på nyåret i 2022

- Invitere til besøk av lokale bedrifter og teknologibedrifter som ein del av faget «Utdanningsval» på ungdomsskulen
Hausten 2021 blei det tilsett ny rådgjevar ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule som har jobba veldig aktivt med samarbeid med arbeidsgjevarar i det offentlege og private. Rådgjevar har og eit tett samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemak. Ho er og ein pådrivar og støttespelar for kontaktlærarar og lagleiarar ved skulen. «Ungt entreprenørskap» er no ein del av skulen si satsing på å styrke elevane si kunnskap om yrkesliv og jobb.
- Halde fram med Jobbavis i samband med arbeidsveka for 9. klasse (Samarbeid med næringskonsulent)
Rådgjevar for skuleåret 2020-2021 slutta, og mykje av arbeidet med Jobbaviss og arbeidsveke for 9.klasse blei overteke av den nye rådgjevaren, som til tross for kort tid fekk alt på plass. Førebuinga til Jobbavisa 2022 og jobbveka er allereie i gong, sida ny rådgjevar er godt inne i arbeidsoppgåvene sine.
- God rådgjevarteneste og samarbeid med Vest-Telemark vidaregåande skule
Den nye rådgjevaren har eit tett og godt samarbeid med den andre skulane i Vest-Telemark, og har delteke på samlingar. Elevane fekk i løp av hausten 2021 vitje fleire vidaregåande skular.
- Arbeide for å auke elevane sine føresetnadar for å lukkast i vidaregåande skule
Det er i løp av hausten 2021 tilsett ein «Ungdomslos» som skal jobbe med å førebygge at elevar frå Nissedal felle ut av den vidaregåande skulen. Kommunen har fått tilskot får Bufdir til å satse på dette arbeidet. Dette arbeidet er kome inn i den nye planen for overgangar og «Ungdomslosen» har starta opp arbeidet med elevar frå 10. trinn frå sist skuleår.
- Miljø og klima er på dagsordenen
Tveit: Kildesortering, energisparing og gjenbruk har vore ein del av skulekvardagen i 2021. Det har og vore fokus på matsvinn.
Kyrkjebygda: Elevane og tilsette tek aktiv del i kjeldesortering kvar dag. Temaet er ein naturleg del av ei rekkje fag gjennom den nye læreplanen. I haust byrja me å planlegge eit tverrfagleg prosjekt der dette vert eit av emna elevane skal lære om.
- Vi deltek i «Dekompan»: Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i Vest-Telemark
Dekompan blei teke opp på planleggingsdagana og i utviklingtida til dei tilsette har ein hatt besøk av ein rettleiar frå Universitetet i Sør-Noreg.
- Tilstandsrapport for foregåande skuleår blir lagt fram for kommunestyret innan april kvart år
Utført: Kommunestyresak 19/21
- Vi har eit godt samarbeid med PP-tenesta (PPT), særleg gjennom faste TPO-møte gjennom året
Skulane har regelmessige møte med Vest-Telemark PPT både om elevar som har spesialundervisning, men også i andre saker der dei tilsette treng rettleiing. Einingsleiar og rektor ved Tveit skule deltek i pilotprosjektet koordinert av PPT om Nevrosekvensuell metode (NME), der det har vore fleire foredrag, gruppearbeid og framlegg i løp av 2021. Dette for å auke kunnskap om barn som har traumer og atferdsvanskar, og korleis møte dei
- Evaluering av IKT i skulen
Utført: kommunestyresak 67/21

- Utgreie bruk av SFO i kommunen
Utført: kommunestyresak 20/21
- Utgreie leksefri skule
Utført: kommunestyresak 30/21

15.3.3 Barnehage

Nissedal kommune har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Kyrkjebygda, Felle og Fjone. Kvar barnehage er leia av ein styrar. Einingsleiar for oppvekst og kultur er barnehagefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles styrarsamlingar, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid.

Prognose barnetal og kapasitet

For barnehage kan vi berre lage prognose eit år fram i tid, av den naturlege årsaka at barna ikkje er fødde enda. Basert på tal frå helsestasjonen 22.10.20 har vi denne prognosa for barnetal i dei ulike barnehagane:

Barnehage	Godkjent for (Tal på plasser)*	Barn i barnehagealder i krinsen i 2020-2021	Barn i barnehagealder i krinsen i 2021-2022
Treungen barnehage	60	34	33
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage	32	16	15
Fjone barnehage	20	11	13
Felle barnehage	20	7	6
Totalt tal på barn i barnehagealder		68	67

**Alle barnehagane i kommunen har god arealmessig kapasitet. Dersom ein kjem over barnetal på bemanningsnorm, vil ein ofte justere dette internt i kommunen. Likevel er det viktig å kjenne til at eit barn utover norm vil utløyse ei heil pedagogstilling. Barn under 3 år tel to barnehageplassar*

Det er totalt 25 årsverk i barnehagane. Total budsjetttramme er på omlag 14 millionar kroner. Foreldrebetaling er anslått til omlag 1,8 millionar kroner i inntekt i 2021.

Lovverk:

- Barnehagelova med forskrifter
- Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver

Planar:

- Barnehagevise årsplanar
- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- Kompetanseplan for barnehagane i Nissedal kommune i 2020-2023
- Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune

Mål for tenestene

- Eit godt og inkluderande barnehagemiljø (4.1.7)
- Sikre full barnehagedekning (4.1.6)
- Kontinuerleg kompetanseutvikling for dei tilsette for å sikre god kvalitet på det pedagogiske innhaldet i barnehagane (4.1.6)
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak gjennom tidleg innsats (4.1.6)

Tiltak

- Ta i bruk ny plan for psykososialt miljø for barn og unge i Nissedal kommune (*under utarbeiding, namn ikkje fastsett*)
Planen: «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljø i Nissedal» er vedteken av kommunestyret i juni. Dei tilsette er gjort kjent med planen.
- Vi tek aktivt i bruk Rammeplanen sin Del 1, som mellom anna omtalar arbeidet med demokrati, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse.
Dette er det fokus på i alle barnehagane
Alle barnehagane er med i prosjektet Liv og røre. Prosjektet har som mål og betre helse, trivsel og samhald som grunnlag for læring og livsmestring. Den universelle og helsefremmande modellen skal bidra til rørslesglede, matglede og inkluderande aktivitetar for store og små.
- Vi brukar modellkommuneplanen aktivt
Modellkommuneplanen er minna om, men treng ei revidering.
I modellkommuneplanen ligger det gode verktøy som blir brukt når ein tilsett skal ha den vanskelege samtalen.
- Symjetrening (tilvenning og tryggleik i vatn) for alle 5-åringar i kommunen
Alle 5 åringane har hausten 2021 fått symjeopplæring med instruktør frå Grenland svømmeklubb.
I tillegg har 5 åringane hatt bading med gruppa si.
- Samarbeid med PPT gjennom «Forum for systemretta arbeid» (FSB)
Går sin gang etter fast plan, 4 møte årleg. Styrar og einskilde pedagogar møter kvar gong. Helsesjukepleiar er og invitert med.
Barnehagane har godt utbytte av desse møta, der dei får god rettleiing i aktuelle saker.
- Vi syter for gode overgangar mellom barnehage og skule gjennom bruk av «Plan for overgangar – frå eldst til yngst»
Dei planlagde treffa, skule-barnehage, har blitt fylgd opp. 1.klasse har vore på besøk i barnehagen. 5 åringane i kommunen har vore på besøk til kvarandre. Når det har vore teater/konsert som også har passa for 1.klasse, har barnehagen invitert 1.klasse til å vere med.
Kyrkjebygda har utvida plan for samarbeid med skulen, der vi blant anna starta prøveskule frå november. Førskulebarna er med 1.klasse i skoletime og friminutt. 1.klasse besøker barnehagen ein gong i veka, 2 timar. Førskulebarna er med 1.-4.klasse på utetime ein gong i veka.
- Tett samarbeid mellom skulehelsetenesta/helsestasjonen
Har hatt samarbeid med helsestasjon på FSB møta. Det har ikkje vore grunn til meir samarbeid
- Hovudmål for barnehageåret 2020-2021: «Alle barn og vaksne med i leik»
Vaksne som er genuint interessert i barns leik, som veit kor viktig den er, og lagar gode dagar for at den gode leiken kan utviklas.
Leik som tema på avdelingsmøter samt tema på personalmøte og styrarsamling i regi av USN. Samt aktivt arbeide i kvardagen for eit miljø der leiken alltid er hovudaktivitet gjennom dagen.
Leik er alltid tema på personalmøte. Kor er det god leik, kva kan endres i leikemiljø osv?.

- Halde fram med å vere godkjende trafikksikre barnehagar
Barna lærer korleis dei skal oppføre seg i trafikken, alt etter alder og modning. Vi nyttar Barnas trafikklubb og nettressursane til Trygg trafikk.
Det har blitt hengt opp plansjar til foreldra frå Trygg Trafikk. Det har vore tema på foreldremøtet om hausten.
- Fortløpande barnehageopptak, men med eit hovudopptak i året
Alle barn som har søkt har fått fortløpande tilbod om endring av, eller ny barnehageplass.
- Arbeide vidare med IKT-satsinga i barnehage via Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
Har brukt digitale verktøy som «greenscreen» og læringsbrett med dei eldste i barnehagen for å lage filmer og eventyr. Hatt natursti med QR-koder i barnehagen sitt inne og uteområde. Læringsbrett og prowise er mykje brukt som oppslagsverktøy.
- Lokalt tilsyn etter Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune
Utført vinteren 2021, tilsynsrapport lagt fram for kommunestyret i sak 33/21
- Nytte Barne- og ungdomsteamet som ein arena for tverrfagleg samarbeid
Anita Haugsjå, leiar av barne- og ungdomsteamet, har vore på felles leiarmøte i eininga for å informere om barne- og ungdomsteamet. Det er fokus i barne og ungdomsteamet på korleis det kan bli nytta best mogleg.
- Gjennomføre foreldreundersøking kvart 2. år (frå 2020)
Utført etter plan i 2020, ikkje foreldreundersøking i 2021
- Fokus på barns medverknad
Personalet er gode til å ha fokus på barns medverknad. Dette synte tilsynet på tema i vinter. Dei får vere med å bestemme føringane for dagane sine, utifrå alder og modning. Leik er en frivillig aktivitet, her får barna bestemme innhald og form, dei vaksne støttar og hjelp dei som treng det for å kunne medverke i leiken. Det er t.d. barnehagemøte der barna får vere med å bestemme innhald i barnehagen, ønskjer om innkjøp osv.
- Bærekraftig utvikling er på dagsordenen
Har hatt fokus på søppel, søppelsortering, plukke opp søpla etter seg.
Følgjer Helsedirektoratets råd når det gjeld matservering i barnehagen. Mindre kjøtt og meir plantebasert, men kan bli mykje betre.
Dette er også tema i prosjektet Liv og røre.
Vi har hatt ein del fokus på gjenbruk både i leiken og i formingsaktivitetar. Vi har også fokus på det å ta vare på og verne det vi har.
Barnehagane har laga seg grønsakshagar, der dei har sådd grønsakar.
Plukka søppel i nærområde.
- Delta i prosjekt med FUB (Foreldreutvalet for barnehagar) for å vidareutvikle barnehageheim-samarbeidet
Igangsatt og er i forprosjektfasen. Plan for perioden er utarbeidd. Informasjon til kommunestyret er gitt. Det har blitt gitt informasjon på foreldremøte i vår.
Ressurspersonar i alle avdelingar er plasserte og dei er med på opplæringsdagar frå nyåret 2022
- Deltek i Rekomp-ordninga i Vest-Telemark: Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage Vestfold og Telemark
Deltek her. Fokus i 2021 har vore leik og implementering av nytt lovverk kring det psykososiale miljøet i barnehage
- Utgreie oppstart av SFO ved Fjone barnehage frå 1/8-21
Utført: Kommunestyresak 4/21
- Utgreie praksis og utgifter knytt til servering av frukt i barnehagane
Utført: Kommunestyresak 57/21
- Reduksjon av ramme på kr 110.000 (heilår kr 220.000) ved reduksjon av stilling anten som pedagogisk konsulent, auke/omfordeling av ressursar til fagarbeider Kyrkjebygda barnehage eller pedagog Fjone barnehage.
Nedbemanning utført og stillingar er redusert i tråd med kravet

15.3.4 Kultur

Kultur har eit vidt tenestespekter, sjølv om dei ulike tenestane er små. Tenestane er musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturarrangement og –administrasjon, fritidsklubben, kino og offentleg symjing. Kultursjefen er leiar av desse tenestane, samt flyktingtenesta som er beskrive i eige avsnitt.

Det er totalt omlag 3,5 årsverk i kultur. Total budsjetttramme er på omlag 3 millionar kroner. Ein stipulerer inntekter for 2021 til omlag 180 000 kr.

Lovverk:

- Kulturlova
- Lov om folkebibliotek
- Folkehelselova

Mål for tenestene

- Kulturtenestene skal gje ei kjensle av meistring og skape eit inkluderande miljø, der målsettinga er at innbyggjarane har ein felles forståing av at kommunen er ein god stad å leve (4.1.1, 4.1.2, 4.1.7)
- Ha eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen (4.1.2, 4.1.8)
- Ha fokus på at tenestene vi gjer skal ha grunnfeste i folkehelsearbeid, som går på fysisk aktivitet, god psykisk helse og eit inkluderande miljø for alle (4.1.1)
- Være en aktør i å bruke naturen og kulturminne i kommunen til natur -og kulturbasert reiseliv (4.2.1, 4.2.2, 4.2.5)

Tiltak

- Ta i bruk ny plan for psykososialt miljø for barn og unge i Nissedal kommune (*under utarbeiding, namn ikkje fastsett*)
Planen: «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljø i Nissedal» er gjennomgått og har fokus for tenesteytinga i kultur. Spesielt har ein fokus på eit inkluderande miljø for alle.
- Kulturskulen har fokus på den enkelte elev, og skal ha fokus på meistring og utvikling av kreative evner.
Kulturskulen har i 2021 hatt mykje normal, eller tilnærma lik normal, undervisning til tross for korona. Det vart arrangert ein stor sommarkonsert ute i juni 2021, då var det over eitt år sidan sist det hadde vore konsert på grunn av pandemi.
Det var ikkje mogleg å gjennomføre jolekonsert i desember på grunn av smittefare.
- Ungdomsklubben skal ha fokus på eit inkluderande miljø, der alle kan finne sin plass, og ha meistring på å vere i ein sosial setting.
Ungdomsklubben har vore mykje ope til tross for pandemi, men og stengd i periodar. Den har vore ope for lokale born og ungdom, elevar frå vidaregåande skule har ikkje fått kome, på grunn av pågåande smitteutbrot i andre kommunar. Ein ser i periodar der ungdomsklubben har vore stengd, kor viktig dette tiltaket er. Ungdommen saknar å ha ein stad som er nøytral å møtast, og ungdom på vidaregåande skule, har ein mista, då dei vart vande med å finne andre møteplassar.
Det er viktig å kunne tilby ein møtestad som er rusfri og som har fokus inkludering, slik at ein motverker einsemd, utanforskap og rusbruk.
- Biblioteket skal vere ein arena for inkludering
Biblioteket har søkt på midlar til å motarbeide einsemd blant eldre, og har fått 96.000,- til dette frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Midlane vil bli nytta til sosiale tiltak på biblioteket for eldre.
Biblioteket har vore ope i 2021, men med ulik grad av arrangement. Haust 2021 hadde vi normal aktivitet, med Etter skuletid for ungdom kvar torsdag, Sjakklubb for born og ungdom i kommunen kvar måndag og Bok og Prat på biblioteket ein onsdag i månaden, pluss opningstid måndag, onsdag og 20 laurdagar i året.
Desse tilboda har kome i stand ved hjelp av samarbeid med frivillige og biblioteket. Det set ein stor pris på, og tilboda har vore godt brukt.

- Jobbe vidare med utvikling av Treungenbanen tur -og sykkelveg
I samarbeid med Statens vegvesen, blei den delen av traseen som blei sett på som mest trafikkfarleg, lagt ut av RV og i vatnkanten ved Haukerhyl.
Dette vart ein svært god forbetring, og eit fantastisk bidrag frå Statens vegvesen, som tok nesten heile kostnaden.
Totalt var det registert 4400 passeringar på telljatre som står på fylkesgrensa. Dette er eit fantastisk godt tal, og gjev grunn til vidare arbeid med sykkelstien.
Det er viktig framover å jobbe med å få resten av strekninga som ligg på RV ut på eigen trase.
- Jobbe med tilrettelegging av idrettsarenear og tilretteleging i natur med søknadsordningar som spelemidlar og miljødirektorat.
For 2021 har søkte Nissedal kommune (søkt)spelemidlar på kunstgrasbanen på sentralidrettsanlegget, fornya søknad, Treungenbanen tur-og sykkeløyp, fornya søknad og aktivitetsflate på sentralidrettsanlegget. Åmli og Nissedal motorsportklubb (har) søkte om spelemidlar til garderobeanlegg og klubbrom på Nidelv Arena.
Det var berre Nidelv Arena garderobeanlegg som fekk tilsagn. Dei andre søknadane vart fornya i 2022.
- Utarbeide kulturminneplan
På grunn av stort arbeidspress, klarte ein ikkje å starte på kulturminneplanen i 2021.

15.3.5 Flyktingtenesta

Flyktingtenesta har arbeidd med mål om å legge til rette for god integrering, og å gjere dei nye innbyggjarane våre så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Flyktingtenesta er under nedtrapping. I 2021 er det 50% ressurs flyktingkoordinator. Denne utgår frå 2022. Kultursjef er næraste overordna.

Budsjettramme 2021: 497 000 kr

Lovverk:

- Introduksjonslova

Mål for tenestene

- Jobbe med nedtrapping av flyktingtenesta og overgang til andre tenesteytingar innan utgangen av 2021
- Gje hjelp til sjølvhjelp, så dei nyttilflytte er sjølvhjelpne og forstår kvar dei kan hente rettleiing og hjelp ved behov (4.1.1, 4.1.6)
- Bidra til økonomisk handlingsrom i tenesteytingane retta mot flyktingar
- Jobbe for integrering gjennom arbeid, utdanning og fritidsaktivitet (4.1.2, 4.1.3)

Tiltak

- Overføre kunnskap og informasjon til kommunale tenesteytingar som NAV, velferd, skule og barnehage.
Det vart planlagt og gjennomført overføringsmøter mellom tenesteytingar og flyktingtenesta. Tenesta vart gradvis nedskalert etter ein plan som tenestapparat og brukarar var kjend med.
- Som eit ledd i å overføre kunnskap, vil vi ha kurs med eksterne fagpersonar på tema kulturforståing, samhandling og inkludering.
Dette vart ikkje gjennomført fordi tida strakk ikkje til, då andre oppgåver vart prioritert.
- Søke aktuelle tilskot frå IMDi
Tilskotsmidlar søkt
- Evaluering av flyktingarbeidet i kommunen
Utført: Kommunestyresak 31/21

15.3.6 Vaksenopplæring

Frå 01.01.21 er det inga elevar som er i introduksjonprogrammet, og då heller ikkje lærarar på vaksenopplæring knytt til norskopplæring. Det er 23,5% stilling knytt opp mot elevar som tek grunnskule for vaksne etter opplæringslova § 4A-2. Elevar som har vedtak etter § 4A-2 har undervisning på Mila.

Budsjettramma for vaksenopplæringa er 256 000 kr.

Administrasjon og rektoroppgåver for vaksenopplæringa ligg til pedagogisk konsulent i eininga.

Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter

Mål for tenestene

- Gjennomføring av grunnskulen for vaksne som har rett til det etter opplæringslova § 4A.2: Rett til spesialundervisning på grunnskulens område (4.1.1, 4.1.3, 4.1.6)
- Syte for at vaksne med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) får det etter opplæringslova 4A-13 (4.1.1, 4.1.6)

Tiltak

- Samarbeid med PPT, Mila og Kåsa bu og avlastning
Dette er i gang og vi blir innkalla til møter når det er aktuelt.
- Gje god undervisning, i tråd med sakkunnig vurdering frå PPT
Det blir gitt undervisning i tråd med sakkyndig vurdering.
- Tilby grunnskuleopplæring for vaksne som er over opplæringspliktig alder og som treng det
To elevar har fått vedtak om grunnskule for vaksne. Undervisninga blir gitt ved Seljord vaksenopplæring og vedtaket gjeld for eitt år om gongen.
Elevane pendlar dagleg med buss frå Kyrkjebygda til Seljord tur retur.
Nissedal kommune kjøper denne tenesta av Seljord kommune.
- Gje gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap i til saman 600 timar til dei som har rett og plikt til slik opplæring
Det har ikkje vore elevar ved VO i Nissedal sidan hausten 2020. Nissedal VO har gitt eit undervisningstilbod til ein elev ein dag i veka som utgjer 20% undervisningsstilling ut skuleåret 2021.
Eleven fekk frå 18. aug eit fulltidstilbod ved Nome vaksenopplæring. Nissedal kjøper tenesta av Nome kommune.
- Elevar som ikkje har rett på gratis opplæring, kan få tilbod om undervisning mot betaling dersom det er kapasitet og økonomisk forsvarleg i forhold til elevtalet
Det er ikkje undervisningstilbod pr. dags dato for elevar som ikkje har rett på gratis opplæring. VO har vore behjelpeleg med å kontakte andre kommunar der dei som har hatt behov for norskopplæring kan få det.

Kompetanseutvikling:

- Fire lærarar i Nissedalsskulen starta opp på vidareutdanning i august. Tre på matematikk og ein på spesialpedagogikk. Det blir ei kjærkomen kompetanseuke for Nissedalsskulen.
- Ein pedagog i Felle barnehage deltek dette barnehageåret på studiet: «ASK» - Alternativ og supplerende kommunikasjon ved USN.
- Styrar i Felle barnehage fullførte og bestod masterstudiet i barnehageleing våren 2021
- Styrar i Felle barnehage fullførte og bestod vidareutdanning som rettleiar 30. Studiepoeng. Haust 2021
- Visma Veilederen: Vi nyttar lisensen i Visma Veilederen aktivt for å halde tilsette ajour på regelverk og endringar. Alle tilsette har laga seg brukar i løpet av april månad. Dette gjer seg til dømes gjeldande i «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljø i Nissedal»
- Einingsleiar og rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule blir utdanna innan NME (Nevrosekvensuell metode) inneverande skuleår. Dette er steg ein i eit pilotprosjekt saman med PPT, der kunnskapen blir overført til Tveit skule frå neste skuleår. Det er eit stort kompetanseløft i møte med elevar med åtferdsproblematikk og traumer.
- Einingsleiar deltek på opplæring for barnehageeigarar dette barnehageåret, i regi av OsloMet i regi av Statsforvaltaren.

Sjukefråvær

Kultur: 3,87% - lågt og bra nivå også i 2021. Det er imponerende med tanke på alle dei tilsette i kultur med små stillingar der alt arbeid foregår på kveld og i helg.

Barnehage: 14.08% - Dessverre aukar framleis sjukefråværet i barnehage, til tross for fokus på dette og samarbeid med Nav. Nav har delteke på personalmøte i alle barnehagane med sjukefråvær som tema. Det er eit høgt sjukefråvær i barnehage som tidvis gir store utfordringar med å halde eit stabilt og pedagogisk forsvarleg tilbod for barnehagane. Særleg dei mindre barnehagane blir sårbare. Strengare reglar kring smittevern forklarar noko, men det er dessverre ein høg del som kjem utanom «koronarelatert fråvær». Det er heile 13,14% som gjeld langtidssjukefråvær. Vi har fleire langtidssjukemeldte som er under behandling og/eller venter på behandling/operasjon. Hausten 2021 måtte vi omrokkere på nokre tilsette, for å møte nye spesialpedagogiske utfordringar. Dette førte til at eit par som blei flytta på blei langtidssjukemeldte. Vi må bli enda tydelegare på at alle er tilsette i barnehage i Nissedal kommune, ikkje fast plasserte i ein av dei fire barnehagane. Arbeidsmiljøet i barnehagane synst å vere godt, og det er lite som tyder på at fråværet skuldast dårleg miljø, men med stort fråvær blir belastninga stor for dei som er att, og dette kan slå ut med nytt fråvær på dei igjen. Altså ein ond sirkel her.

Skule: 5,87% - Ei lita nedgang frå 2020, til tross for stort fråvær knytt til karantene mot slutten av 2021. Fråværet skuldast i stor grad nasjonale retningslinjer om å halde seg heime, sjølv ved milde forkjølelsessymptom. Det er langtidssjukefråvær som drar opp, og det skuldast dessverre både alvorlege diagnosar og nokre uavklarte som er langtidssjukemeldte.

Kommentarar til rekneskapen

Det er eit totalt mindreforbruk i eininga i 2021 på 1,67 millionar.

Det er beklageleg at dette ikkje er oppdaga undervegs i året.

- Det er omlag 700.000 kr i underforbruk på løn. Dette gjeld i hovudsak skule og barnehage.
 - For barnehage (400 000) skuldast underforbruket at tilsette har gått over på andre ytingar eller hatt permisjon utan løn, utan at ein har fått tak i vikarar. Sjukdomssituasjonen har vore enorm, og dei som er faste vikarar har vore knytt opp mot ordinært fråvær. Derfor har det vore vanskeleg å få tak i vikarar.

- For skule gjeld underforbruket (300 000) noko av det same. 2021 har vore tøff med tanke på fråvær, som tilspissa seg utover hausten og ein har ikkje lukkast å fylle opp alle permisjonar og vikariat.
- Det har altså generelt vore eit utfordrande år for tilsette i barnehage og skule. Ein har i stor grad kjørt med for lite bemanning, noko som tærer på dei tilsette som er til stades og som over lang tid strekker seg langt. Altså ei situasjon som ikkje er haldbar over tid.
- Negative konsekvensar av denne situasjonen med for lite bemanning, og dermed underforbruk av løn, har ført til stor slitasje på dei som har vore på jobb. Dette har igjen ført til auka sjukefråvær – altså ein ond sirkel. Frå administrasjonen ser vi avdelingsleiarar som har jobba intenst for å få bemanninga på plass, og ofte tatt vaktar/timar sjølv. Dette fører til at avdelingsleiarane ofte må melde avbod til leiarsamling, opplæring og samarbeidsfora. Dette er sjølv sagt negativt og utviklingsarbeid blir sett på vent. I direkte tenesteyting til barn og unge har situasjonen ført til mindre/manglande fleksibilitet til deling av grupper etter prinsippet om tilpassa opplæring, spesialundervisning/spesialpedagogiske tiltak som til tider har utgått for å sikre ordinær drift. Barnehage og skule har vore ope som normalt, men til tider har ein dessverre følt på at ein driv med oppbevaring, ikkje opplæring.
- 900 000 kr i mindreforbruk på driftsposter generelt, godt fordelt på dei ulike ansvara. Dei som utgjer den største differansen er:
 - Kurs
 - Undervisningsmateriell
 - Avgifter og lisenser
 - Inventar og utstyr
 - Driftsavtalar
 - Ekskursjoner
 Dette er eit heilt tydeleg bevis på at det har vore fokus på å halde ordinær drift innanfor smittevernrettleiarane. Samtidig som det har vore utfordringar med fråvær, har totalsituasjonen blitt slik at ein ikkje har klart å drive framover med kurs og utvikling i det tempo ein elles har ønskje om.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

Formannskapsaker i 3. tertial

89/21 Kulturpris 2021

116/21 Sak om gratis skulemat

Kommunestyresaker i 3. tertial

57/21 Praksis og utgifter knutt til servering av frukt i barnehagane

Vedtak: Nissedal kommunestyre tok kommunedirektøren si utgreiing til vitande.

58/21 Forvaltning av kunstgåve etter Ruth Nordbø

Vedtak: Nissedal kommunestyre overførte eigeoms- og forvaltningsansvar for 41 gjenstandar til Vest-Telemark museum med grunngjeving i at det vil fremje Ruth og Gunnar Nordbø sitt kunstnarliv sett i perspektiv med andre rosamålarar i regionen og sett i lys av ynskje og formål med gåva. Kommunestyret løyva kr. 25.000 til dette. Resten av gåva vert forvalta etter rådgjeving frå Vest-Telemark museum og beskrive i saka.

62/21 Godkjenning av val og framlegg til endring i rutiner for val - Ungdomsrådet

Vedtak: Nissedal kommunestyre godkjende valet som lagt fram av kommunedirektøren og tok endringa i rutine for val til vitande.

67/21 Evaluering - IKT-satsinga i barnehage og skule

Vedtak: Nissedal kommunestyre fekk ei evaluering av IKT-satsinga i barnehage og skule, og tok denne til vitande.

68/21 Evaluering – Nissedalskortet

Vedtak: Nissedal kommunestyre fekk ei evaluering av om Nissedalskortet fungerer etter hensikta, og tok denne til vitande

74/21 Sak om gratis skulemat

Vedtak: Skulemat innførast frå skuleåret 2022/2023 etter alternativ to i saksutgreiinga

86/21 Rullering av handlingsdelen av kommunedelplanen for idrett og friluftsliv – 2022

Vedtak: Nissedal kommunestyre vedtek prioritering av spelemiddelsøknadar for 2022 slik:

P r i	Anlegg	Kategori	Stad	Utbyggjar /eigar	Drifts-ansvarleg	Kostna d i 1000	Spele-midlar i 1000
1	Tur-og sykkeløype, fornya	Ordinært	Nissedal kommune	Nissedal kommune	Nissedal kommune	3047	630
2	Kunstgras-bane, fornya	Ordinært	Nissedal kommune, Sentral-idretts-anlegg	Nissedal kommune	Nissedal kommune	1219	406
3	Klubb og møtelokale	Ordinært	Nissedal kommune, Langmoen	Åmli og Nissedal motorklubb	Åmli og Nissedal motorklubb	2522	841

Korona – rapportering:

- Barnehage og skule gjekk over til gult nivå, jf. Nasjonale retningslinjer i november. Det krev sitt for skulane særleg. I barnehage er dei stort sett ein avdeling, og dermed ein kohort. I Treungen barnehage er dei to avdelingar/korhortar, men desse kan samarbeide.
- Det var utbrott blant barn og unge, særleg på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule, i november og desember. Dette resulterte i mykje fråvær blant elevar og tilsette i skulen.

15.4. Eining for velferd

15.4.1 Heile eininga

Eining for velferd har ansvar for tenesteområda legetenestar, psykiske helsetenestar, helsestasjon, jordmor, fysioterapeut, institusjonstenestar, heimbaserte tenestar, tenestekontor og tenesta for funksjonshemma. Totalt tal på årsverk i eininga er omlag 74 årsverk fordelt på 129 tilsette og i tillegg kjem ein del vikarar. Kostnadsramme totalt for eininga 50,8 mill.

Felles mål for heile eininga

- Ha fokus på leiarutvikling og struktur
- Arbeide for heiltidskultur og ha fokus på å redusere uønska deltid i eininga
- Få ei fellesskap kjensle i eininga som mogleggjer meir samarbeid på tvers av avdelingane og som skapar samhald og kjennskap.
- Følgje med på anbefalingar om tenesteutvikling og utvikle tenestane i tråd med det andre kommunar gjer og samfunnet elles. (4.1.4)
- Omsette motteke tilskotsmidlar til planar om utvikling og kursending for tenestane.
- Få til ein kultur for kvalitetsforbetring i heile eininga
- Eininga skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Eininga gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.(4.1.6)
- Eininga utviklar forsvarlege heimbaserte tenestar, slik at pasientar som treng omsorgstenestar i hovudsak får tilbod om det i eigen heim. (4.1.7)
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.(4.1.1)
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem. (4.1.8.)
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.(4.3.4), (4.1.6)

Felles tiltak for heile eininga

- God opplæring av leiarar i ny struktur, samt nye stillingsinstruksar
Arbeidet er i gang, Fellestenesta har hatt fleire opplæringsøktar i haust. Forslag til felles utgangspunkt for stillingsinstruksar til avdelingsleiarar er levert til einingsleiar. Noe arbeid gjenstår for å få desse til å passe kvar einskild leiar.
- Etablere møtstruktur og møteplassar som sikrar meir samarbeid på tvers.
Det er oppretta eit samarbeidsfora der tilsynslege, tenestekontor og somatisk avdeling diskuterar i saman korleis ein skal kome fram til gode løysingar for korttidspasientane. Det vil og bli vurdert fleire måtar å samarbeide på tvers nå når følgene av koronaen gjer moglegheit for det.
- Bli med på utviklingsarbeid saman med andre kommunar for tenesteutvikling t.d. slik det nå vert gjort ifht velferdsteknologi i Vest – Telemark.
Fortsetter med samarbeid om Velferdsteknologi. Har og hatt ein gjennomgang med tenestekontor, der ein landa på å ha eit meir strukturert samarbeid på overordna nivå, då spesielt med tanke på felles tildelingskriteriar i Vest – Telemark. Nissedal er saman med Fyresdal, Tokke og Seljord i gang med eit slikt arbeid, medan Kviteseid og Vinje ikkje blir

med i denne omgang. Ein reknar med at det vil være på plass eit godt grunnlag i løpet av våren 2022.

- Søke på tilskotmidlar hos fylkesmannen og frå helsedirektoratet, som er nyttig for kompetanseheving og tenesteutvikling.
Vi har søkt om midlar til leiarutdanning (Helse), ABC Demens og om midlar til samfunnskontakt og fått Kr. 770.000 til dette inkl overføring av ubenyttede midlar frå 2020. NOS har hatt i gang eit ABC – Kurs i Demens med 5 deltakar og avdelingsleiar Helse er i gang med leiarutdanning på BI, ferdig i 2022. I tillegg byrja 1 deltakar på Velferdsteknologiens ABC.
- Alle i eininga skal bruke Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem i løpet av 2021 NOS er godt i gang med pasientavvik. Kåsa har hatt ein utfordring på leiarnivå, som gjer at det ikkje har vore lett å komme vidare. Leiarutfordringane er nå løyst og ein jobbar vidare for å kome i mål der også. Avvik frå pasientjournalssystemet vert nå overført til Compilo.
- Sjå på moglegheit for bruk av velferdsteknologi i heile eininga
Er gjennomført 3 – timars innføringskurs i regi prosjektleiar velferdsteknologi for veldig mange tilsette i mai 21. Startskot for å tenke annleis. Det er tatt i bruk fallalarmer til pasientar i heimetenesta og nokre tråkkematter som registrerar dersom ein pasient reiser seg opp og treng hjelp. I omsorgsplanen vert det foreslått som tiltak å skaffe nytt pasientvarslingsanlegg på NOS, der ein tenker eit system som kan brukast både på institusjon og hos heimebuande. Ein får støtte på 55% av Husbanken til investeringar her, så det er lurt å setje i gang i 2022, før støtteordninga forsvinn.
- Undersøke mulighet for felles ressurs ergoterapeut med andre kommuner i Vest-Telemark Arbeidet vert utsett til 2022 pga økonomiutfordringar og lite tid for leiar til å prioritere dette.

Endringar i planperioden

- Dreie tenestar endå meir frå institusjonstenestar til heimetenestar
Er i gang med planar for at heimetenesta overtek ansvaret for korttidspasientane, slik at pasientar som skal inn på opphald og ut att, får meir kontinuitet i tenestane. Var planar om å få det i gang hausten 2021, men er nå utsatt til medio februar 2022.
- Kartlegge behov for og ta i bruk velferdsteknologiske løysingar som erstatning eller som delar av tenestane.
Tenestekontoret har med velferdsteknologi i tankane ved vurdering av tenester nå. Har t.d. tildelt 2 fallalarmer til pasientar i heimetenesta og vi har fått inn 2 medisindispensarar som ein vil prøve ut etter endt opplæring for å programmere desse og testperiode.
- Byggje ned tal på institusjonsplassar til rett nivå.
Har konkrete planar på dette i omsorgsplanen der ein vil foreslår å komme ned på 15 plassar. Tiltaket vert satt i verk i februar 2022.
- Etablere planar som verktøy for planlegging av tenestane framover i tid.
Omsorgsplanen er ferdigstilt og vart vedteke av kommunestyret i desembermøtet 2021.

15.4.2 Institusjonsbaserte omsorgstenester

Nissedal Omsorgssenter (NOS) er kommunens tilbud til innbyggerane når det gjeld institusjonstenester.

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids- og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttidsplassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. I tillegg er høyrer serviceavdelinga til institusjonen og lagar mat, vaskar tøy og driver reinhald på omsorgsavdelinga. Plass tildelast etter eigne kriteria. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering, aktivitet og avlastning.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i avdelinga:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetslova

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Sjukeheimsforskrifta

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

Institusjonstenesta har ca. 26 årsverk og ei kostnadsramme på 19,3 mill. Største inntekter kjem frå pasientbetaling ved langtidsopphald, medan korttidsopphald gjer mindre inntekter og avlastning er gratis for pasienten.

Mål for tenestene

- Førebu omstilling av tenestane til at 5 nye omsorgsbustadar står ferdig hausten 2021.
- Sørge for at dei tilsette har optimale arbeidsforhold og større moglegheit for å kunne ivareta smittevern ved NOS
- Sikre forsvarlege tenestar for pasientane og gode, trygge arbeidsforhold for tilsette
- Utvikle institusjonstenestane i tråd med utviklinga i samfunnet og i nært samarbeid med heimebaserte tenester

Tiltak

- Planlegge, kostnadsberekne og bygge om kjøkken og vaskeri innan 2022
Har fått prosjekteringspengar, 1. møte med arkitekt vert i juni 2021. Ventar på nye teikningar av forslag til ombygging.
- Planlegge ny optimal drift av færre rom på NOS, slik at tenestane vert tilpassa dette
Arbeidet er i gang.
Sjå på moglegheiter for nye kreative turnusar i samarbeid med tilsette og tillitsvalde
Det er sendt ut ei kartlegging til tilsette om endra helgefrequens frå 3. til 4. kvar helg med langvakter. Ein ser at nokre kunne tenkt seg dette og andre er meir skeptiske. Vi er midt oppe i ein omorganisering, og resten av arbeidet utsetjast til neste år.
- Ferdigstille ny omsorgsplan i løpet av våren 2021
Omsorgsplanen er ferdig, og vart vedteke i kommunestyret i desembermøtet 2021.
- Alle tilsette brukar Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem i løpet 2021
Alle pasientavvik vert behandla i Compilo. Vert trykk på HMS avvik i vidare satsing.
- Planlegge ei permanent kohortavdeling, som ivaretek Nissedal sitt behov ved smitteutbrot
Arbeidet er i gang og vert teke med i planane ved ny organisering på NOS.

15.4.3 Heimebaserte omsorgstenester

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfølging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst. Det er i dag ca. 35 personar som har tryggleiksalarm. På slutten av 2020 er det 50 personar som mottek helsehjelp av heimesjukepleia og 35 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp). Det er aukande behov for tenester og blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenesta:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetslova

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

Mål for tenestane:

- Flest mogleg av personar som treng omsorgstenester skal få hjelpa dei treng i eigen heim (4.1.6)
- Velferdsteknologi skal bli ein integrert del av heimetenestane. (4.1.4)

Tiltak:

- Tilført ressurs på 40% til implementering og utvikling av velferdsteknologi, slik at kommunen kan levere denne tenesta på ein god måte.
Ressursen har berre fått midlar ut april 2021, men brukar vakansmidlar for å vidareføre satsinga til over sommaren. Eininga fekk kr. 50.000,- i støtte frå statsforvaltaren som gjeng til å dekke utgiftane til ressurs på 20% i velferdsteknologi frå sommaren og ut året. Ressursen har vore veldig viktig for arbeidet med velferdsteknologi i Nissedal, samt samarbeidet om velferdsteknologiske løysingar i Vest- Telemark. Velferdsteknologiprogrammet vert vidareført i 2 år, og ein har håp om å få tilskot vidare saman med Vest- Telemark kommunane og saman med heile fylket.
- Greie ut løysingar for heimebaserte tenester på natt.
Dette arbeidet er ikkje kome i gang. Store behov vert løyst med ekstra innleige av personell. Må sjåast vidare på i 2022.

15.4.4 Helsetenester:

Helseavdelinga held til i Treungen sentrum, og er lokalisert i same bygg som kommuneadministrasjonen og teknisk avdeling. Helseavdelinga omfattar legekantoret, jordmor, fysioterapi, helsestasjon og psykisk helse. Netto budsjetttramme for helsetenester er omlag 5,7 mill.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenestane:

Lov om helse- og omsorgstenester, Pasient- og brukarrettighetslova
Helsepersonellova, Folkehelseslova, Lov om smittevern

Mål for tenestane:

- Utvikle tenestane i tråd med anbefalingar frå helsedirektoratet og elles trendar i samfunnet.
- Vektlegge helsefremmande og førebyggjande tenester. Dette gjeld og skulehelseteneste og helsestasjonsteneste
- Ha svangerskaps- og barselomsorgstenester på eit nivå som imøtekjem brukane sine behov.
- Ha ei tilfredstillande akuttberedskap m.o.t. legevakt, heildøgns medisinsk akuttberedskap, naudmeldeteneste og psykososial beredskap og oppfølging.
- God kvalitet på legetenester i høve til diagnostisering og behandling.

Tiltak:

- Utgreie løysingar rundt videokommunikasjon og avstandsoppfølging for oppfølging av pasientar.
Her har legekantoret utvikla seg og kan nå tilby digitale konsultasjonar ved bruk av videokommunikasjon. Avstandsoppfølging er noko som ikkje har vore tid til å setje fokus på pga korona og meirarbeid med dette. Må utgreiast vidare i 2022.
- Gjennomføre prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig» og sjå på vidareutvikling av tenester i helseavdelinga i tråd med resultat frå dette prosjektet.
Prosjektet starta opp i september 2020 med støtte frå folkehelseprogrammet "Rusfritt, robust og rettferdig". Målet er å jobbe for trivsel, inkludering og gode haldningar til rusbruk. Vi har hatt fokus på aktivitetar, møteplassar, omdømme og haldningar.
Involvering: Vi har hatt fleire møter med ungdomsrådet, som har kome med innspel til prosjektet.
Samskaping: Vi jobber for å innføre samskaping som metode i prosjektarbeidet. Vi har vore på fleire samlinga i fylket for å lære om samskaping og har gjennom året hatt samarbeid med ulike instansar i kommunen, ungdomsråd, frivillige lag og næringsliv.
Aktivitetar: På bakgrunn av innspel frå ungdom om at det foregår nokså mykje ellers i året, men lite i ferien har vi i år blant anna gjennomført sommaraktivitet. Vi har også hatt fleire ungdommar i sommarjobb.
Møteplassar: Vi har fått tilskot til å ruste opp sandvolleyballbanen i Evja, til utviding av vasstrampolina i sentrum og til skuleplassen.
Omdømme: Vi har brukt sosiale medier, lokal presse og kommunens meldingsblad (kyrkjelydsbladet) til å spreie informasjon om prosjektet.
Haldningar: Vi har hatt to foredrag for ungdom og arrangert eit storforeldremøte i samarbeid med skulen.
- Utgreie moglege aktivitetar for born/unge i sommarferien.
Tilskot frå Bufdir på kr. 100.000,- til tiltaket «Sommaraktivitet i sentrum 2021».
Aktivitetsskveldar:
8 fredagskveldar i sommarferien med aktivitetar for ungdom. Aktivitetsskveldane var i Treungen, på Fjone og i Kyrkjebygda i samarbeid med kultur og frivillige organisasjonar i kommunen. Tiltaket var sett i samanheng med prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig».

Sommarjobb:

Hadde fleire ungdom i sommarjobb. Ungdommane var med på å planlegge og gjennomføre sommaraktiviteten. Dei var også med på å ruste opp møteplassar for ungdom. Sandvolleyballbanen i Evja blei pussa opp og ungdommar i sommarjobb hadde også praktiske oppgåver i samband med møteplass i sentrum.

- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal " og søkje relevante eksterne tilskot. Er vidareført, men har ikkje funne eksterne midlar til det enda. Må få det inn i neste års budsjett dersom det skal vidareførast. Har funne ressursar frå lønsmidlar til fysioterapeuten som klarar å dekkje det i år. Det vart delt ut ca 500 t-skjorter i 2021.
- Utreie moglege løysingar for få dekkje kravet om at kommunen skal ha ein ergoterapeut tilgjengeleg i sine tenester. Jfr helse- og omsorgstenesteloven §3-2. Har ikkje fått tid til å prioritere dette arbeidet, pga korona og omstillingsarbeid. Har bruka fysioterapeutressurs inn i hjelpemiddeltildeling for å ha noko betre teneste på området. Ein må sjå vidare på dette i 2022.

15.4.5 Habilitering og aktivisering

Tenester for funksjonshemma

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlasting og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. Det er også eit lågterskel-tilbod til personar som treng det.

Netto budsjetttramme for habilitering- og aktiviteringstenester er 15,3 mill.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan avdelinga:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Helsepersonelloven
- Folkehelseloven
- Pasient og brukarrettighetsloven
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Mål for tenestene:

- Yte sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering til dei som har medfødte eller fått varige problem/funksjonshemmingar og trenger bistand for å kunne nå mål om deltaking i kvardagsliv og samfunnsliv

Tiltak:

- Ha tilbod om tilrettelagde bustader til pasient/bukargruppa
- Yte personleg bistand etter behov
- Tilby aktivitetstilbod på lågterskelnivå slik at alle som treng det får eit godt og variert tilbod om aktivitet tilpassa deira funksjonsreduksjon.

Er teke i vare på Mila aktivitetssenter

- Undersøkje om velferdsteknologi og kan være nyttig for denne gruppa

Tilsette på Kåsa bu- og avlasting har og vore på kurs ifht innføring i velferdsteknologi.

Sjukefråvær:

Omsorgsavdelinga har hatt utfordringar med høgt sjukefråværi år.

Totalt for avdelinga i følge GAT: Kortidsfråvær på 3,24% og Langtidsfråvær på 6,77% sum **10,01%**

Somatisk avdeling har hatt høgast fråvær med totalt 12,67% i perioden. Det er høge tal og visar at pleieavdelingane er utsett for høgt arbeidspress og har belastningsskadar for tida.

Kåsa bu- og avlastning har hatt eit år med lavt langtidsfråvær, medan korttidfråværet har vore høgare enn normalt.

Totalt for avdelinga iflg GAT: Korttidsfråvær på 3,13% og langtidsfråvær på 1,8% sum **4,93%**

Mila aktivitetssenter har hatt eit totalt fråvær på **3,54%** til nå i år, der korttidsfråvær utgjer 0,79%.

På helseavdelinga har ein ingen god oversikt her, då GAT ikkje har tal på denne avdelinga og i felles fråværsstatistikk frå kommunen ligg Helse avdelinga saman med Habilitering. Likevel kan ein konkludere med eit lågt sjukefråvær då samanlagte tal visar lågt fråvær frå begge avdelingane.

Kompetanseutvikling:

2021 har på same måte som i 2020 gjort at fysisk oppmøte på kurs, både i og utanfor kommunen har vore vanskeleg. Ein lærar andre måtar å drive opplæring på, i digitale opplæringsplattformer som KS – læring og Veilederen.

Dette vil være ei satsing og framover i tid, med digitale opplæringstiltak, både som er gode måtar å lære på, men gjer også moglegheita for at fleire kan få same opplæringa/kompetansehevinga på same tid.

Det ein ser, som skapar problem for denne type opplæring er at vi manglar nære kursrom med storskjerm og god lyd, som gjer denne opplæringa optimal. Dette er noko vi må løyse i år, når ein omorganiserar.

Avdelingsleiar helse har byrja på leiarutdanning nå i haust og vert ferdig til sommar/haust 2022, noko vi har fått tilskot til frå statsforvaltaren over kompetansemidlane vi søkte om. 5 tilsette ved NOS, har gjennomført ABC – opplæring i demens og 1 tilsett er i gang med ABC – kurs i Velferdsteknologi.

Korona – rapportering:

Auka utgifter for legevaktsamarbeidet pga Korona har blitt fordelt ut på alle kommunane i legevaktsamarbeidet. Nissedal sin andel av dette utgjer Kr. 64.603,-.

Kommunelege 1 har oppsummert at pasientstraumen ikkje har kome heilt i gang igjen, slik den var før koronaen, men at det verkar meir normalt nå, utover hausten.

Ein reknar med ei inntekssvikt på Kr. 170.000,- på eigenandelar og refusjonar på årsbasis.

Kommentar til rekneskapen:

Rekneskapen syner eit meirforbruk på kr 2.681.000,- slik at totalt forbruk i eininga har vore kr 57.470.000,-

Kåsa bu- og avlastning har det største avviket mellom budsjett og forbruk på ca kr 2.200.000,- Heimetenesta har eit meirforbruk på ca. kr 660.000,-

Innsparing på eit årsverk (jf. budsjettvedtak) vart gjennomført frå 1.7.2021, og det vart løyst ved at å redusere bemanninga på somatisk avdeling med 1 årsverk. Ein gjekk då ytterlegare ned på tal på rom som skulle nyttast ved avdelinga, slik at drifta vart tilpassa ny redusert bemanning.

Ein slapp å seie opp nokon i prosessen, då ein arbeidstakar i 100% stilling, vart pensjonist og ein av arbeidstakarane på somatisk med tilsvarande stillingsprosent vart overført til stillinga.

Meir forbruk på Kåsa bu- og avlastning sitt meirforbruk på ca. 2.200.000,- fordeler seg på:

Fastløn og tilleggsløn	Kr. 530.000
Overtid	Kr. 210.000,-
BPA: Auka kostnad ifht stipulert	Kr. 170.000,-
Tilskot ressurskrevjande brukarar, redusert med	Kr. 1.290.000,-
<u>Til saman</u>	<u>Kr. 2.200.000,-</u>

Kåsa bu- og avlastning er ein stor arbeidsplass der ein dessverre har hatt fleire ubesatte stillingar gjennom 2021. Dei ubesatte stillingane har vore vanskeleg å få dekt inn i år, pga redusert vikartilgang og har ført til at fleire av tilsette med høgare stillingar har blitt utfordra på meirarbeid og dermed overtid.

Det er eit meirforbruk på fastløn på ca. 0,5 mill. (3,5%). Dette må tilskrivas dels feil i opphavleg budsjett og endringar i staben i løpet av året.

Når det gjeld BPA vart det gjort eit stipulert anslag på kor store utgifter ein ville få her i løpet av året, basert på fjorårets reelle utgifter. Det har vore slik dei siste åra at ikkje alle BPA timar som er gjeve vedtak på, er nytta i løpet av året. Denne stipuleringa slo feil, då ein av brukarane bruka meir av timane i 2021.

Tilskot for ressurskrevjande gir vesentleg mindre tilskot enn budsjettert (2,2 mill.). Dette skuldast fleire moment. Lønsutgiftene som skal takast med i grunnlaget er redusert frå 2020 til 2021, utan at budsjettert tilskot er redusert tilsvarande. Dette på bakgrunn av endra fordelingsnøkkel mellom brukarar innafor og utafor refusjonsordninga. I tillegg er adm. ressursar (som er utafor ordninga) auka samanlikna med 2020. I tillegg utgjør bruk av pensjonsfond eit vesentleg poeng då dette er auka i 2021 og dette dreg ned grunnlaget for lønsutgifter som kan takst omsyn til i refusjonsgrunnlaget. Staten har og auka innslagspunktet for utgiftsgrensa for kvar brukar for å kome inn under ordninga og dette er berre dels teke omsyn til i budsjettføresetnadane.

I november 2021 fekk habiliteringstenesta ein ny brukar. Det har vist seg at denne brukaren treng meir oppfølging enn venta. Slik det ser ut, så vil det være behov for auka bemanning på denne brukaren også i 2022.

Heimesjukepleia har eit meirforbruk på ca. kr. 660.000,- ved årets slutt.

Dette fordeler seg på :

Vikarløn og overtid	Kr. 239.000,-
Auka utgifter til bil + utstyr	Kr. 65.000,-
Tilskot ressurskrevjande brukarar redusert med	Kr. 356.000,-
<u>Til saman</u>	<u>Kr. 660.000,-</u>

Heimesjukepleia har eit sjukefråvær på over 10% og av dette korttidsfråvær på nær 4%. I tillegg til ubesatte stillingar og færre vikarar har det vore utfordrande å halde budsjettet vikarløn og overtid.

Bilparken er svært gamal og utgiftene til vedlikehald og drift er høgare enn budsjettert. Ein har og fått uforutsette utgifter på nøkkelboksar og nøklar til omsorgsbustadane. Når ein får 2 nye elektriske bilar i 2022, vil nok utgiftene bli redusert her.

Tilskot for ressurskrevjande brukarar blir under budsjett pga. endring av bruk av pensjonsfond (jf. komm. for Kåsa). I tillegg er det utgiftsført mindre lønsutgifter i 2021 på denne brukaren, utan at budsjettert tilskot er blitt redusert.

Generelt for eininga er det større utgifter til smittevern utstyr enn vanleg utan pandemi. Har og vore meir generell bruk av overtid i avdelingane med heildøgns tenester, då mykje knytt til pandemien og vakante stillingar, samt mindre tilgang på vikarar.

15.5. Eining for teknisk drift

15.5.1 Heile eininga

Kjerneoppgåver for Eining for teknisk drift :

- Drift og forvaltning av kommunale bygg og kommunens grunneigedommar
- Drift og forvaltning av kommunens utleiebustader
- Drift og forvaltning av kommunale vass og avløpsanlegg med tilhøyrande leidningsnett
- Prosjektansvar for kommunens bygge- og anleggsprosjekter
- Forvaltning av kommunens bil- og maskinpark
- Beredskap og førebyggjande tiltak mot brann og ulykker
- Drift og vedlikehald av kommunale vegar, ferjedrift og grøntområde
- Reinhold i kommunale bygg – med unntak av Nissedal Omsorgssenter

Eininga har 16 årsverk, fordelt på einingsleiar, 2 avdelingsleiarar, 3 vaktmeistrar, 3 driftsoperatørar og 7 reinholdarar. I tillegg kjem 16 brannkonstablar i det frivillige brannvesenet.

Budsjettramme for teknisk eining er 10 837 000. I tillegg kjem brutto utgiftsramme på vatn og avløp på omlag 9 mill. (sjølvkostområde).

Felles mål for heile eininga

- Bidra til god folkehelse ved å gje gode grunnleggjande tenester som reint vatn, handtering av avløpsvatn, friluftsområde, reinhold og inneklima i kommunale bygg.
- Utvikle og gjennomføre investeringsprosjekt innan bygg- og kommunaltekniske anlegg på ein fagleg og økonomisk god måte.

Felles tiltak for heile eininga

- Kartlegge oppgåver, ansvar og forventningar innan dei ulike tenesteområda, og definere tydelegare kva som er kjerneoppgåver.

Det er starta opp arbeid med å kartlegge kva for oppgåver som ligg inn under teknisk sitt ansvarsområdet. Ein har laga ein oversikt over alle bygg som seier noko om kva som er teknisk sitt ansvar og kva som er bukar sitt ansvar. På bakgrunn av stor belastning i forbindelse med ulike utbyggingsprosjekt har ein ikkje hat kapasitet til å definere kjerneoppgåver.

Endringar i planperioden

- Det forventast ein auke i drift- og vedlikehaldsoppgåver innan va-sektoren som følgje av fleire anlegg og nye forsyningsområde

Det er fortsatt stor aktivitet innanfor VA-sektoren i kommunen og det kommer stadig inn nye område som gjev økt mengde med leidningsnett, trykkaukingsstasjonar og pumpestasjonar. Med stort leidningsnett og mange stasjonar er det svært viktig med godt vedlikehald som syter for at ein overheld forskriftskrava til tilstrekkeleg mengde og trygt drikkevatt og overheld kravet om å ikkje forureine. Ein har fått opparbeida svært god kompetanse internt i eininga for drift, og ein er svært godt rusta for situasjonar som krev god styring for å unngå uønska hendingar som til dømes ved bortfall av driftsovervaking (ca. 85 punkt) eller pandemi som kan ramme bemanning.

15.5.2 Kommunale utleigebustader

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter «Lov om helse og omsorgstenester» av tenestekontoret i Eining for velferd, og resten tildelast etter gjeldande reglement for utleigebustader av eining for teknisk drift.

Det er avsett 0,45 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 509.000 til føremålet. Forventa årlege leigeinntekter er 1.680.000.

Mål for tenestene

- Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.
- Alle bustadene er til ei kvar tid leigd ut.

Tiltak

- Gjennomføre utbygging av nye omsorgsbustader i høve til politiske vedtak.
Prosjektet er gjennomført og nye bustader er tatt i bruk.
- Innføre depositum for leige av kommunale bustader.
Dette vart ikkje gjennomført i 2021 på bakgrunn av at det er for mange store byggeprosjekt som må følgjast opp og eininga har derfor ikkje hatt kapasitet til å starte på arbeidet.
- Gjennomføre naudsynt vedlikehald innanfor tildelt økonomisk ramme.
Det er eit stort behov for vedlikehald ved mange av dei kommunale utleigebustadane. Det er svært avgrensa kva ein klarer å få til innanfor ei stram økonomisk ramme. Ein har det siste året gjennomført oppussing i enkelte bustader med ekstra bevilling av midlar og noko enkel oppussing innanfor driftsbudsjettet. Det bør lagast ei oversikt over tilstanden til alle kommunale bustader.

15.5.3 Kommunale bygg

Kommunen driv tenesteyting i totalt 13 bygg. I tillegg eig kommunen ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi, der nokre av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokre nyttast til lager og andre står ubruka.

Det er avsett 8,7 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 7.265.000.

Loverk

- Plan og bygningsloven
- Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Mål for tenestene

- Alle kommunale bygg der det drivast tenesteyting er funksjonelle og oppfyller alle lovkrav til utforming
- Andre kommunale bygg vert teken vare på slik at dei ikkje mistar sin funksjonelle, historiske eller kulturelle verdi.
- Alle kommunale bygg skal vere kartlagt med omsyn til potensiale og utfordringar knytt til Enøk og universell utforming.

Tiltak

- Kartlegge behov og etablere gode drift- og vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg i samarbeid med dei som brukar bygga, både tilsette og brukargrupper.
Ein har mange bygg og dagens lovverk stiller store krav til tilsyn og vedlikehald av bla. ventilasjonsanlegg, branntryggleik mm. Dette krev at ein har eit godt system for å klare å ha oversikt. Det finnst mange program for slikt, men det er eit stort ynskje å nytte ein av dei store leverandørane ein allereie nyttar i dag. Ein har vært i kontakt med eit par som leverar slike system, men har ikkje kommet i mål ennå. Ein har ikkje klart å finne eit program ennå, men ein har starta arbeidet med å lage årshjul over vedlikehaldsoppgåver. Lista over alle bygg som syner ansvarsfordeling mellom bukar og ansvarleg for bygget har i mange samanhengar blitt eit godt hjelpemiddel i forbindelse med ansvarsfordeling.
- Etablere kjeldesortering i alle bygg.
Dei fleste kommunale bygga har i dag kjeldesortering. Det er kommunehuset som er den store utfordringa i dette tilfellet. På bakgrunn av at søppelrommet i dag ligg inne i kjellaren i sjølve bygget vil det vere utfordrande å få til sortering. Skal ein få til dette må ein lage ein søppelbod på utsida av bygget. Det er vanskeleg å finne ei plassering som ikkje vil føre til at nokon blir plagt av søppellukt.
- Sikre alle bygg mot ytterlegare forfall ved å prioritere utvendig vedlikehald.
Ramma for vedlikehald strekk ikkje til absolutt påkravd vedlikehald/reparasjonar og ein er avhengig av økt bevilling eller ekstra løyvingar for å hindre ytterligere forfall.
- Fullføre ei vurdering av heile bygget på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule, der ein og ser på individuelle brukarbehov.
Arbeidet er starta, men ikkje ferdig. Det var siste del av 2021 mykje storm rundt detta prosjektet både frå foreldre og skule, samtidig som ein hadde ein periode med svært mykje uønska hendingar på skulen. Det vart i tillegg gjennomført ein test av det som av fleire vart karakterisera som mugg i murbygget, analyser viste at dette var saltutslag og ikkje mugg. Det vart på slutten av året gjort ei administrativ tilsetning på teknisk for å auke kapasiteten og starte arbeidet for fullt i starten av 2022.
- Etablere solskjerming i Felle barnehage.
Gjennomført.
- Få på plass leikeapparat på uteområde Tveit skule.
Gjennomført.
- Utgreie tilstand på bassenget, inklusiv aktuelle enøk-tiltak.
Ein har sett på korleis ein skal gjere dette og kven som skal gjere det, og konkludert med at ein ikkje har kompetanse internt og at ein må leige inn nokon som kan gjere ei slik vurdering. Dette vil bli bestilt i starten av 2022.

15.5.4 Kommunale grøntanlegg

Kommunen har store grøntareal, både rundt dei kommunale bygga, i tettstadane, og som idretts- og friluftsområde.

Det er avsett 0,45 årsverk og ei netto budsjetttramme på kr 378.000 til føremålet.

Mål for tenestene

- Kommunen sine grøntanlegg skal vere attraktive, funksjonelle og tilgjengelege, og legge til rette for aktivitet og trivsel.

Tiltak

- Etablere og gjennomføre gode vedlikehaldsplanar for alle grøntområde i dialog med dei ulike brukargruppene.
Ein har nytta same opplegg som i 2020 og har hatt ein god dialog med brukargruppene. Det vikrar til at alle er nøgde.
- Aktivt nytte sysselsettingstiltak som ledd i godt sommarvedlikehald.
Eininga har ein VTO avtale og denne personen nyttas hovudsakleg til sommarvedlikehald i den årstida som det er aktuelt. Det har i tillegg vert nytta ein ferievikar og leigd inn ein person i sumar og haust grunna stort sjukefråvær for å oppretthalde sommarvedlikehaldet.
- Utgreie tiltak for at Fram kan legge til ved Stasjonsbrygga.
Gjennomført.

15.4.5 Samferdsel (vegar, plassar og Fjoneferga)

Kommunen har ca. 25 km med kommunale vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningslinjer. Vidare driv kommunen Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet. Det er avsett 0,5 årsverk og ei netto budsjetttramme på kr 1.284.000 til føremålet.

Lovverk

- Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven)
- Rettleiar for trafikksikker kommune – utarbeida av trygg trafikk

Mål for tenestene

- Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard heile året.
- Fjoneferga skal ha ei stabil drift heile året.
- Nissedal kommune skal jobbe mot visjonen om 0 drepte og 0 alvorlig skadde i trafikken.

Tiltak

- Avklare mogleg omklassifisering av Fjoneferga til fylkeskommunal ferje.
Proessen er godt i gang og rådmannen har kontakt mot Fylkesmannen. Det er avholdt fleire møter og Fylkeskommunen er positive til ei overtaking, men kan først finne sted i 2023. Statsforvalteren har laga ein ny «båt- og ferjestrategi», med høyringsfrist 07.02.2022. Saka fylgjast opp vidare.
- Avklare framtidig driftsoperatør-avtale, dersom Fjoneferga forblir kommunal.
Gjennomført. Det er inngått ny driftsavtale fram til 2025.
- Kommunen sin handlingsplan for trafikksikring skal oppdaterast i 2021.
Ein fikk starta litt på arbeidet på slutten av året, men kom ikkje heilt i mål. Ein reknar med at revidert plan vil komme opp i første kommunestyremøte i 2022.
- Stille krav i oppdragsomtalar og fylgje opp inngåtte avtalar om vintervedlikehald.
Gjennomført.

- Utgreie behov for tiltak etter erosjonsskader på 3 kommunale bruer/kulverter i Kåsa/Solli og 1 bru på Kleivvegen.
Det må gjennomførast tiltak på kulvert nr. 2 i Kåsa/solli men dette må gjerast våren 2022 da det var for seint på året i 2021.
- Utgreie utbetring av gatejos i huskrollen i Haugsjåsund.
Arbeidet er ikkje blitt starta på i 2021 sidan eininga ikkje har kapasitet. Det er for mange store byggeprosjekt som må følgjast opp. Det er i dag ikkje lys i huskrollen og det er ikkje snakk om ei utbetring, men etablering av nye gatejos. Det er ikkje satt av midlar til å etablere dette.

15.5.6 Brann- og ulykkeberedskap

Nissedal kommune sin brann- og ulykkeberedskap er organisert med eit brannvesen med 17 brannkonstablar som har ein stillingsprosent på 1,4 % i kommunen. I tillegg er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid, Vest-Telemark brannvesen. Samarbeidet har ein overordna brannmeister med ansvar for førebyggjande arbeid (feiing og tilsyn), og i tillegg stør kommunane i dei faglege spørsmåla. Brannvesenet har i dag inga fast vaktordning. Kommunen er også ein del av IUA (interkommunalt utval mot akutt forureining) i Telemark og Sør-Øst 110.

Det er avsett ca. 0,3 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 1.992.000 til føremålet.

Lovverk/regionale føringar/retteiarar

- Lov om Brann og eksplosjonsvern
- Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen
- Lov om samfunnssikkerhet og beredskap
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet
- Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen, DSB 2014
- Klimahjelpere – en veileder i hvordan ivareta samfunnssikkerhet og klimatilpasning i planlegging etter plan- og bygningsloven, DSB 2015

Mål for tenestene

- Nissedal kommune skal vere ein trygg stad å opphalde seg.
- Nissedal kommune skal til ei kvar tid ha oversikt over risiko for uønska hendingar, og jobbe førebyggjande for å minimere risiko og/eller konsekvensane av slike hendingar.
- Kommunen skal kunne handtere krisesituasjonar slik at skadeverknadane blir minst mogleg.
- Kommunen skal ha ein brann- og ulykkeberedskap som handterer alle akutte hendingar på ein god måte.

Tiltak

- Revidere eksisterande overordna ROS-analyse og beredskapsplan for kommunen med tanke på uønska hendingar som kan inntreffe. Dette i samanheng med punkt under på 5.1 i høve til vurdering av beredskap for heile kommunen.
Arbeidet er snart i mål, men dette er ein stor og tidkrevjande prosess og det må utarbeidast heilt nye dokument som bygger på dagens malar frå DSB. Det er jobba mykje med dette hausten 2021, men ein kom ikkje heilt i mål grunna at corona pandemien måtte prioriterast i slutten av året.
- Ha særleg fokus på kriseleiinga sine oppgåver gjennom evaluering og øving.
Det vil ikkje vere naturleg å starte på dette før ein er i mål med arbeidet i punktet over. Men ein vil vinter/vår 2022 kalle inn aktuelle samarbeidspartar og tilsette i kommunen for ein gjennomgang av utkastet.

- Gjennomføre intern ROS-analyse for brannvesenet med omsyn til deira oppgåver og dimensjonering.
Arbeidet er ikkje starta, ein ventar nå på at ny «dimensjoneringsforskrift» skal gjerast gjeldane 01.03.2022. Det vil truleg bli eit tema for VTBV også ettersom alle brannvesena nå må gjennomføre – ROS-analyse, førebyggjande analyse og beredskapsanalyse, kor dei to siste er nye krav.
- Gjennomføring av bygging av ny brannstasjon.
Arbeidet er i gang, men ein møtte på store utfordringar hos arbeidstilsynet da dei ikkje var nøgde med konsulentens gjennomføring av rein og urein sone. Det jobbast mykje med å få ei endeleg godkjenning, og ein er nær målet. Dette har forsinka prosessen og truleg vil nytt bygg stå ferdig i juni 2022.
- Avvik frå Fylkesmannen sitt beredskapstilsyn skal lukkast innan 1/7-21.
Arbeidet er starta, og ein har fått usett frist for levering hos Statsforvaltaren.

15.5.7 Vatn og kloakk

Nissedal kommune har ca.1.800 abonnentar knytt til vatn og avløp som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Nissedal kommune har sidan 2015 vore vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia. Tenestene er underlagt prinsipp om sjølvkost, dvs. at brukarane av tenestene (abonnentane) skal finansiere utgiftene.

Det er avsett 4,5 årsverk, ei brutto utgiftsramme på 9 mill.

Lovverk

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (Matloven)
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift ogm begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Mål for tenestene

- Gjennom gode rutinar for drift, vedlikehald og internkontroll skal kommunen sikre alle abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av kloakk.
- Gjennom nye investeringar sikre at infrastrukturen til ei kvar tid dekker behovet for kapasitet og kvalitet.
- Tenestene skal finansierast av brukarane, dvs. ha 100 % dekningsgrad over tid.
- Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevella, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Tiltak

- Tilpasse og vidareutvikle driftsrutinar slik at dei til ei kvar tid sikrar levering av gode vass- og avløpstenester.
Arbeidet er starta, men ein har ikkje hatt moglegheit til å nytte så mykje tid som ein ynskjer/treng til dette. Ein ser også her etter eit system for å digitalisere dette på same måte som for kommunale bygg.
- Forbetre system for internkontroll/kvalitetssystem.
Arbeidet er starta men ein har ikkje her eller moglegheit til å nytte så mye tid som ein trenger, dette er omfattande arbeid ettersom systemet må byggjast opp på nytt.
- Ha spesielt fokus på kartlegging og dokumentering av leidningsnett.
Det ble i 2020 gjort ein stor jobb med å kartlegge sentrum i Treungen og hyttefelt på Felle. Arbeidet har ikkje blitt tatt opp igjen i 2021 av fleire årsakar. Nå er det ikkje kapasitet på plankontoret til å hjelpe til å legge inn data og ein må sjå på andre løysningar.

- Prioritere arbeidet med planlegging av nytt reinseanlegg, slik at det kan stå ferdig så snart som råd.
Store delar av forprosjektet er gjennomført, men det står fortsatt igjen nokon avklaringar. Ein ser at når ein har så knapt med tid så blir overgangane mellom forprosjekt og detaljprosjektering noko meir uklare. Prosjektet er omfattande og tar mykje tid, men er eit prosjekt som må prioriterast høgt om ein ynskjer å kome i mål til 2023.
- Fylgje opp etablering av kommunalt va-nett, der det ligg til rette for det, spesielt utbyggingsområdet Naurak.
Ein har klart å kome i mål med avtalen med utbyggrane i området, anbodet har blitt lagt ut og ein reknar med at alle avtaler er i mål i starten på 2022.
Øverlandsheia del 2 er starta opp, saman med vidare utbygging på Utsjå og nye områder på Felehivet Nord.
- Evaluere og eventuelt revidere «Vass- og avlaupsplan 2017-2027», ein plan som skal gje føringar for eit målretta arbeid innan va-sektoren.
Arbeidet er ikkje starta, da ein ikkje har hatt kapasitet på eininga på grunn av mange investeringsprosjekt som tar mykje tid.
- Prosjektere og bygge nye høgdebasseng i Treungen og Nissedal.
Prosjektering er så og si ferdig og ein må legge fram ei sak for kommunestyret iht. budsjettet for 2020 kor dette ble tatt inn. Ein har ikkje klart å sette av tid til å skrive saka ferdig til kommunestyret i 2021.
- Gjennomføre byggetrinn 4 - Gautefallheia VA. Byggetrinnet gjeld omlegging av leidningsnett frå Gautefall hotell og ned til Gautefall RA.
Prosjektet er starta opp, men entreprenøren ligger etter framdriftsmessig. Ein reknar med å være ferdig i starten av 2022.

Sjukefråvær:

Det totale sjukefråværet 2021 er på heile 11,81 %. Fordelinga er på 1,5 % kortidsfråvær som har vore ganske stabilt i 2021, mens langtidsfråværet har vore veldig høgt gjennom store delar av året – 10,3 %. Den kraftige auka skyldast at ein har hatt fleire arbeidstakerar som har vore langtidsjukemeldt pga. operasjonar. Arbeidsmiljøet ved eininga er bra, men vi kan alltid bli betre.

Kompetanseutvikling:

Pandemien har også i 2021 skapa utfordringar i forhold til å fysisk delta på kurs, men ein har deltatt på noen kurs/fagdagar via Teams. I tillegg har to brannkonstablar deltatt på deltidskurs. Det ble i veke 38-41 gjennomført praksisveker for dei brannkonstablane som tok kurs i 2019/20 og 2020/21 ved Norwrad i Bamble som er ein obligatorisk del av utdanninga.

Korona – rapportering:

Bemanning og gjennomføring av oppgåver:

Ein har tilpassa seg dei retningsliner som har kome frå myndigheitar og kommunen si kriseleiing. Eininga har ikkje hatt nokon særleg auke i kortidsfråvær grunna korona.

Utgifter i forbindelse med Covid-19

Det har i 2021 blitt nytta ca. 260.000,- i forbindelse med corona-pandemien, 250.000,- ca. er lønnskostnader i forbindelse med reinhald, informasjon til innbyggere og div. anna arbeid.

Kommentar til rekneskapen:

Det er eit totalt meirforbruk i eininga i 2021 på ca. 1,7 millionar. Tabellen under viser dei postane som har dei største avvika

OMRÅDE	SUM
Straum	730.000,-
Vedlikehald av bygg og anlegg	500.000,-
Tapte leigeinntekter	150.000,-
Auka pris på nye brøytekontraktar	150.000,-
Brann – lønn under utrykking	85.000,-
Støtte festival – særskiltbrannobjekt	100.000,-
TOTALT	1.715.000,-

Under har ein kommentera dei ulike postane i tabellen;

Straum

I budsjettet for 2021 vart det trekt ut 700.000,- som fylgje av svært låge straumprisar, og ein tok ikkje høgde for den kraftige auka i budsjettet for 2021.

Ein har styrkar budsjettet for straum med omlag 450.000,- gjennom året.

Totalt overforbruk i 2021 er på 730.000,-

Budsjettet for 2022 er styrka med 500.000,- på straum samanlikna med budsjettet for 2021-

Vedlikehald av bygg og anlegg

Eininga har store utfordringar med at den økonomisk ramma for vedlikehald av bygg og anlegg er svært låg i forhold til vedlikehaldsbehovet.

Ein såg at etter 2. tertial i 2021 hadde eit meirforbruk på omlag 230.000,- på innkjøp og reparasjonar som ein ikkje kan vente med, dette har auka til omlag

Totalt overforbruk i 2021 er på omlag 500.000,-, tabellen under viser kor ein har dei største overskridelsane innanfor drift og vedlikehald:

OMRÅDE	SUM
Ventilasjon	130.000,-
Bytte av brannfarleg lamper – 2 bygg	64.000,-
Rep. på Fjoneferja inkl. ny vaier	120.000,-
Uønska hendingar på skule	60.000,-
Røyrlegger	50.000,-
Elektriker	75.000,-
TOTALT	499.000,-

Leigeinntekter

Gjennom tertialrapportane i 2021 har leigeinntektene blitt redusera med ca. 250.000,-. Totalt for 2021 ender ein opp med totalt 400.000,- i redusera leigeinntekter.

Dei 150.000,- som er tapt i siste del av 2021 skyldast at ein ble forsinka i ferdigstillinga av omsorgsbustadene og at det har tatt noe lengre tid å leige ut alle bustadene enn det som var lagt til grunn i budsjettet for 2021.

Brøyte kontrakter

Brøyte kontraktane for brøyting av kommunale vegar var ute på anbod før sesongen og ein har fått ein auke på ca. 150.000,- i 2021 som følgje av høgare prisar på nye kontraktar.

Brannvesenet

Brannvesenet har eit overforbruk på ca. 80.000,- til lønn ved utrykking. Kommunen har også betalt 100.000,- i forbindelse med brannsikkerheten på Treungen festivalen. Dette var ikkje lagt inn i prosjektet.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

PS-sak 2/18 om utbygging av vatn og avløp til Kyrkjebygdheia. Prosjektet er i slutfasen. Nærare omtale om dei ulike delane ligg under investeringsprosjekt.

PS-sak 28/20 Ombygging av det gamle bygget til Telemark bilruter er godt i gang, men har blitt ytligare forsinka da ein ikkje fikk godkjent rein og urein sone i garderobane til brannvesenet slik som konsulent hadde utforma det. Bygget vil truleg stå ferdig juni/juli 2022.